



Øystre Slidre kommune



Foto: Elin Myhre

Årsrapport 2023

Årsmelding
Årsrekneskap

https://pub.framsikt.net/2023/oystre-slidre/mr-202312-årsrapport_2023/

Framlagt av kommunedirektøren 8. mai 2024

Innhold

Sammendrag	4
10 på topp	5
Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling.....	9
Økonomirapportering drift	9
KOSTRA hovudtall.....	9
Totaloversikt økonomi	10
Totaloversikt - oversikt per område.....	11
Vurdering av driftsresultatet og budsjettavvik på overordna nivå	12
Investeringer	17
Status investeringsprosjekt	18
Oppfølging handlingsregler	22
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter.....	22
Fri egenkapital drift	22
Premieavviket.....	24
Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.....	25
Finansplasseringar.....	25
Lånegjeld	25
Kraftforvaltning	28
Samfunns- og befolkningsutvikling	33
Personal og organisasjon.....	34
Rekruttering	34
Sjukefråvær	34
Uføredel.....	36
Likestilling	37
Arbeidstid/deltid	40
Etisk standard	41
Miljø.....	41
Internkontroll	42
Internkontroll	42
Kommunen sine tenestoområde.....	44
Kommunedirektør - fellesområde.....	44
Opplæring og kultur	46
Helse og omsorg.....	53

Tekniske tenester	60
Årsrekneskap	67
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	67
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	68
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	69
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - drift.....	70
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - investering.....	70
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	71
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	72
Balanse per 31.12.	74
Notar til regnskapet	76
Vedlegg	86
Vedlegg 1 Næringsmessig bruk av eigedomsskatt	86
Vedlegg 2 Sjølvkost-områder regnskap og budsjett	87
Vedlegg 3 Investering 2023 - forslag til budsjettendringar 2024.....	88
Vedlegg 4 Tilstandsrapport skule	88
Vedlegg 5 Øystre Slidre Frivilligsentral - Årsrapport	89
Vedlegg 6 Interkommunale tenester - årsrapportar	89

Sammendrag

Årsmeldinga for 2023 viser om vi har brukt meir eller mindre pengar på dei ulike tenesteområda enn det kommunestyret har løyvd i budsjettet. Årsmeldinga viser også om måla som kommunestyret har gitt er nådd eller ikkje nådd, og forklarar vesentlege avvik.

Rekneskapen viser tilfredsstillande tal for 2023, med eit positivt netto driftsresultat på 0,3% av driftsinntektene. Dette er svakare enn handlingsregelen som skal sikre god økonomistyring (1,75%), men betre enn budsjettet. Vi har samla brukt 16,3 mill. mindre av disposisjonsfondet enn budsjettet.

Hovudårsakene til mindreforbruk er:

- Skatteinntekter og rammetilskot vart 3,8 mill. over budsjett.
- Netto rente vart 5,5 mill. betre enn budsjettet, som følgje av forsinka investeringar.
- Ekstraordinært utbytte på 1,8 mill. frå kraftselskap, etter svært høge overskot året før.
- Kraftforvaltinga gav 3,1 mill. høgare nettoinntekt enn budsjettet.
- Lågare straumprisar på kommunale bygg og anlegg enn budsjettet, ca. 5 mill. for "generaløkonomien".
- Vakante stillingar og fråvær utan vikar har gitt mindreforbruk på lønn i enkelte tenester.

Enkelte av tenestene innan skule, barnehage og helse og omsorg har hatt meirforbruk. Vi viser til omtale under dei enkelte tenesteområda.

Jobb nummer ein for kommunen er å yte gode tenester til innbyggjarane. Det har vi gjort i året vi no har lagt bak oss. Eg vil takke alle tilsette i kommunen for den gode innsatsen som er gjort i 2023 til det beste for innbyggjarane. Vi skal også utvikla tenestene og kommunen vidare og kommunestyret har gitt oss mange mål og oppdrag for å utvikla kommunen vidare. Vi har i 2023 i stor grad nådd dei måla kommunestyret har gitt oss.

Jostein Aanestad

kommunedirektør

10 på topp

Status for dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i økonomiplanperioden er følgande:

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Nedanfor fylgjer dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda blir prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmiddel i planperioden. Kommunestyret blir orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane. Nedanfor fylgjer kommentar om status per 2023:

- **Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø og store nok stillingsprosentar. Vi skal innan juni 2023 lage plan for auka arbeidsnærvær/redusert sjukefråvær i heile organisasjonen, og starta gjennomføring av planen.**

Vi har analysert og gått gjennom resultata frå begge medarbeidar-undersøkingane, dvs HMS-undersøkinga og 10-faktor undersøkinga. Undersøkingane er blitt gått gjennom avdelingsvis, for å finne innsatsfaktorar for kvar einskild arbeidsstad. Det er sett i verk fleire tiltak for å betre arbeidsmiljøet. Oppfølging av medarbeidar-undersøkingane var tema på leiarseminaret i august og har vore tema for alle tenesteeiningane på dialogmøta, og det blir laga oppfølingsplanar for alle einingane.

I første tertial er det gjennomført analyser av sjukefråværet og det er laga plan for redusert sjukefråvær. Planen er handsama i arbeidsmiljøutvalet i junimøtet og kommunedirektøren orienterte kommunestyret om planen i juni. Kommunedirektøren har vedteke planen. Følgjande tiltak blir sett på som prioriterte tiltak for heile organisasjonen, og blir sett i verk:

- Leiarutvikling
- Opplæring av både leiarar, tillitsvalde og tilsette i gjeldande rutinar
- Kartlegging av årsakene til sjukefråværet
- Oppfølging av arbeidstakarar med særleg høgt fråvær
- Haldningsskapande arbeid

Følgjande tiltak er vurderast i samband med økonomiplanprosessen for 2024-27:

- Gjennomgang av leiarstruktur/leiarressursar
- Arbeidet med vikarinnleige
- Vurdering av grunnbemanning/«faste vikarordningar»
- Styrking av stab/støttefunksjonane

Det vart i økonomiplanen løyvd midlar til styrking av stab/støttefunksjonane.

- **Vi skal følge opp oppvekstplan og oppvekstløftet i Valdres ved tidleg innsats og ved å styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.**

I 2023 har vi gjennomført fleire av tiltaka i handlingsdelen til oppvekstplanen som er retta mot rettleiing til heimane, kompetanseheving hjå personalet og samordning mellom tenestene. Vi har arbeidd ut felles rutinar for foreldreskule i skulen og starta opp med foreldreskule i barnehagane. Vi har tilsett barnekoordinator og skulehelsetenesta og psykisk helseteneste er med i barnehage-helseteam og skulehelseteam. Ei arbeidsgruppe har jobba grundig med plan for særskild språkopplæring, og den er snart klar til gjennomsyn. Kulturavdelinga arbeider med tilbod som famnar ulike interesser hjå barn og unge. Vi har sett i gang tiltak som bistår lag og foreningar med økonomisk støtte for at alle barn skal kunne vera med i aktivitet.

- **Vi skal busetja inntil 60 flyktningar i 2023 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.**

Vi har busett 60 flyktningar i 2023 på bakgrunn av oppmodinga frå IMDI. Programrådgjevar arbeider systematisk med kartlegging og å rettleie vaksne inn i arbeid. Arbeidspraksis er eit viktig steg, og kontakt med arbeidsgjevarar er viktig for å lykkast. Det er krevjande å få alle i jobb så raskt som vi ynskjer, men samarbeidet med NAV er godt, og vi har ein meir systematisk tilnærming no for å få alle som kan ut i arbeid eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet. Av dei som avslutta introduksjonprogrammet i 2023 var det 17 som var ferdige med introprogrammet og var kome ut i arbeid. Tre av dei fekk bistand frå NAV. Fem personar flytta ut av kommunen og fem er ikkje ute i arbeid. Det er ulike årsaker til dette, helseutfordringar, heimeverande med barn eller ikkje rekna som jobbsøker.

- **Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i areal-strategien i kommuneplanen.**

Formannskapet handsame dei litt over 100 innspela til planarbeidet i juni-møtet og administrasjonen har på bakgrunn av tema-notat som har vore til handsaming i formannskapet arbeider vidare med å gjere klart alle høyringsdokumenta i saka. Med nytt formannskapet og kommunestyret etter valet, har det vore naudsynt å gje tid til å setje seg inn i saksdokumenta. Alle høyringsdokumenta vart administrativt klargjort i 2023, slik at dei kunne handsamast politisk og lagt ut på høyring på nyåret 2024.

- **Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden.**

Utbygging av veg, vatn og avløpsanlegg vart ferdig i oktober. Vi har hatt fleire som har vore interessert i kjøp av bustadtomt, og har seld ei tomt og halde av ei. Vi har inngått avtale med utbygger av 5 kommunale leilegheiter for utleige. Vidare er det gjort opsjonsavtale med utbygger for 5 tomter.

- **Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken gard.**

Nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken vart etablert 12. mai, med val av styre og styreleiar for selskapet. Offisiell opning av senteret var 13. juni. Styre for senteret har tilsett dagleg leiar, Astrid Øversveen, som starta i jobben i byrjinga av desember 2023.

Vi har inngått avtale med landbruks- og matdepartementet om overtaking av Løken gard. Kommunen har fått konsesjon for overtakinga, og kjøpet er tinglyst. Vi har i ein 10årsavtale leige ut heile areal på Løken til Graminor. Graminor vil gjere avtale om lokale bønder om utleige og drift av delar av arealet. Graminor leiger også verkstaden. Bustadhusa på Løken vert nytta til busetting av flyktningar. Vi har inngått leigeavtale av administrasjonsbygget med Nasjonalt senter for fjellandbruk, NLR, Nibio og Nortura.

- **Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og effektiv arealbruk.**

Vi har arbeidet med å få Klima+-perspektivet inn i arealdelen av kommuneplanen, med redusert arealforbruk og rammer for utbygging av fritidsbustader som gjev lågare utslepp av klimagassar. Klima+-perspektivet er også lagd inn i reguleringsplan for Finntøplie og for Aasgaarden og i utkast til reguleringsplan for Liahaugstølen. Dette er eller vil bli følgd opp i utbyggingsavtalane knytt til dei aktuelle utbyggingane. Vi har delteke i fylkeskommunen si satsing på klimavenleg stadutvikling i hyttekommunar. Vi søkte Miljødirektoratet om støtte til vidareføring av Klima+ i tre år, men fekk avslag på søknaden, då dei prioriterte andre tiltak i 2024. Oppfølging av Klima+ vil framover bli integrert i ordinær drift i kommunen.

- **Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:**
 - **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
 - **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder as.**

Vi deltek i forskingsprogrammet Accesstour i lag med Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling SA, Beito Husky, Myhre Gard og Trollrock. Føremålet er å auka kunnskapen om og strategiar for betre tilrettelegging av reisemåla for alle, uavhengig av funksjons-nivå. Vi har utarbeidd ein handlingsplan for dette arbeidet med fleire tiltak, m.a. betre tilrettelegging for alle av friområdet på Furustrand og etablering av trillesti i høg fjellet til Rjupetjern. Skal vi få auka kapasitet i dette arbeidet, må vi finne ressursar til ei stilling som kan drive arbeidet framover. Beitostølen Utvikling SA fått støtte Innlandet fylkeskommune sitt program for eit Inkluderande Innland til eit forprosjekt om Beitostølen som ein tilrettelagd og inkluderande stad å vera for fastbuande, deltids-innbyggjarar og gjester.

Kommunen bidreg med årleg støtte på 2,25 mill. til Beitostølen Fellesgoder as, med eit tilsvarande årleg bidrag frå næringslivet. Selskapet nyttar midla til finansiering av fellesgodane, m.a. til betre tilrettelegging av stiar, løyper m.v. for alle.

- **Vi skal i samarbeid med andre etablere Fly´a folkehøgskule – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, para-idrett og E-sport som hovudlinjer.**

NOUen om folkehøgskular var på høyring våren 2023. Vi har undersøkt med nasjonale myndigheiter når NOUen vert følgd opp og om det kan bli lagd inn midlar til nye folkehøgskular i komande budsjett. Søknadstalet til folkehøgskular er fallande og det er ikkje lagt inn midlar til nye folkehøgskular i statsbudsjett for 2024. Det er usikkert når NOUen vert følgd opp med ei stortingsmelding. Kommunedirektøren har på dette grunnlaget rådd til at vi ikkje arbeider vidare med etablering av Fly´a Folkehøgskule, noko kommunestyret slutta seg til ved handsaming av 1. tertial-rapport.

- **Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.**

Idrettslaget og selskapa på stadion har sett i gang ein strategi-prosess for å sikre rammene for drift og vidareutvikling av Beitostølen stadion. Kommunedirektøren har i samband med eigarskapsmeldinga fremja forslag om endring av kommunen sitt eigarskap i stadion-selskapa. På bakgrunn av strategi-prosessen til idrettslaget og stadion-selskapa og kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga, vil kommunedirektøren følgje opp saka. Selskapa melder at dei fram til gjennomføring av NM på ski i februar 2024 må prioritere tida til det. Saka vil bli følgd opp våren 2024.

Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling

I dette kapitlet gjer vi greie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den i vare tek den økonomiske handleevna over tid (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd a). Vi omtaler driftsresultatet, investeringsregnskapet, fri egenkapital, finans-, gjelds- og kraftforvaltninga mv., sjå egne kapittel nedanfor.

Økonomirapportering drift

KOSTRA hovudtall

	Øystre Slidre 2022	Øystre Slidre 2023	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Økonomi				
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	26,6 %	25,5 %	12,5 %	16,1 %
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	4,3 %	4,5 %	3,6 %	4,0 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	144 414	144 254	125 008	105 787
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,4 %	0,2 %	-0,5 %	0,1 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	140 990	143 905	125 605	105 703
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	14,2 %	13,6 %	12,0 %	14,0 %
Fri egenkapital drift Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	16,3 %	16,6 %	10,4 %	13,3 %
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	67 945	67 441	67 048	67 223
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	150 590	166 194	119 068	121 721
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	109,0 %	115,2 %	95,2 %	115,1 %
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	4,2 %	1,0 %	0,4 %	1,0 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *)	135 863	140 913	98 286	97 927
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	94,1 %	97,7 %	78,6 %	92,7 %
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	20,6 %	24,8 %	-10,3 %	50,1 %

Generelt om kostra-tala i årsrapporten

Kostra-tala i rapporten er henta frå SSB si foreløpige publisering per 15.mars.

Ein del av tala er for "kommune-konsern" (inkl.del av internkommunale samarbeid og IKS), og dei kan difor avvike litt frå utrekna indikatorar for kommunen utan "konsern".

Kostra-tala som er teke med i årsrapporten er justert med utgiftsbehov og deflator. Det betyr at tala blir meir samanliknbare for kommunen over år, då alle tal blir justert til 2023-tal. Utgiftsbehovet seier noko om kor mykje ei kommune, eller ei teneste i ei kommune, kostar å drive, samanlikna med andre kommunar. Ei kommune med høgt barnetal, vil naturleg nok ha større utgifter til barnehagar og skuler enn gjennomsnittet. Dei vil difor få eit større utgiftsbehov til desse tenestene enn ei kommune med lågt barnetal. Det er denne korrigeringa staten bruker for å rekne ut rammetilskotet. Det er også denne korrigeringa analysen bruker for å samanlikne faktisk bruk mellom kommunane. På denne måten kan vi samanlikne kommunar sjølv om dei ikkje er like i høve demografi mv.

Kommunane kan korrigere kostra-rapporteringa gjennom våren, slik at kostra-tala som er med per 15.mars ikkje nødvendigvis er endelege / korrekte.

Kostra-tala er kommentert nedanfor under kapitla "Vurdering av driftsresultatet for kommunen", "Disposisjonsfond" og "Finans-, gjelds- og kraftforvaltning".

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Regnskap ifjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-264 818	-267 437	-268 277	-272 098	3 821
Avskrivningar	27 482	27 400	27 400	28 811	-1 411
Motpost avskrivningar	-27 482	-27 400	-27 400	-28 811	1 411
Netto finansutgifter	20 114	32 749	32 749	25 396	7 353
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	13 002	-29 323	-35 206	-16 607	-18 599
Til disposisjon	-231 702	-264 011	-270 734	-263 309	-7 425
Politisk leing og kontrollorgan	2 846	3 041	3 028	2 943	85
Kommunedirektør felles	1 691	5 998	3 582	2 973	609
Stab	15 834	17 942	18 326	16 236	2 090
Felles opplæring og kultur	7 575	7 520	7 888	8 574	-686
ØSUS	10 930	12 787	13 350	13 003	347
Rogne skule	15 280	16 592	17 476	20 342	-2 867
Lidar skule	13 013	14 306	15 138	15 188	-50
Rogne barnehage	11 085	12 903	14 152	14 085	66
Beito barnehage	5 959	6 657	7 584	8 008	-424
Private barnehagar	5 436	5 988	5 988	6 248	-260
Kulturavdelinga	9 397	9 690	9 962	9 967	-5
Flyktningtenesta	-676	-6 000	-47	0	-47
Felles helse og omsorg	23 429	25 031	23 186	20 561	2 625
Helse og tilrettelagde tenester	28 399	33 196	37 285	38 886	-1 601
Førebygging og meistring	32 520	35 519	36 881	37 440	-559
Institusjonstenester	32 699	32 646	33 745	34 718	-973
IIB Tilrettelagte tenester	195	0	0	0	0
Felles tekniske tenester	497	84	84	0	84
Teknisk drift	39 320	41 003	41 686	38 999	2 687
Næring plan og byggesak	9 997	12 289	12 272	9 888	2 384
Kraftforvaltning	-25 238	-8 450	-8 450	-11 610	3 159
Ramme og skatt	4	0	0	0	0
Renter og avdrag	1	0	0	0	0
Pensjon mv. felles	-8 494	-14 731	-22 380	-23 140	760
Sum disponering	231 702	264 011	270 734	263 309	7 425
Merforbruk +/mindreforbruk -	0	0	0	0	0

Totaloversikt - oversikt per område

Årsregnskap ØSK	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Rekneskap 2023	Budsj avvik	Endr-22-23
Tenesteområde:						
Politisk leining og kontrollorgan	2 846	3 041	3 028	2 943	85	97
Kommunedirektør felles	1 691	5 998	3 582	2 973	609	1 282
Stab	15 834	17 942	18 326	16 236	2 090	401
Felles opplæring og kultur	7 575	7 520	7 888	8 574	-686	1 000
ØSUS	10 930	12 787	13 350	13 003	347	2 073
Rogne skule	15 280	16 592	17 476	20 342	-2 867	5 062
Lidar skule	13 013	14 306	15 138	15 188	-50	2 175
Rogne barnehage	11 085	12 903	14 152	14 085	66	3 000
Beito barnehage	5 959	6 657	7 584	8 008	-424	2 049
Private barnehagar	5 436	5 988	5 988	6 248	-260	811
Kulturavdelinga	9 397	9 690	9 962	9 967	-5	570
Flyktningtenesta	-676	-6 000	-47	-0	-47	676
Felles helse og omsorg	23 429	25 031	23 186	20 561	2 625	-2 868
Helse og tilrettelagde tenester	28 594	33 196	37 285	38 886	-1 601	10 292
Førebygging og meistring	32 520	35 519	36 881	37 440	-559	4 919
Institusjonstenester	32 699	32 646	33 745	34 718	-973	2 019
Felles tekniske tenester	497	84	84	0	84	-497
Teknisk drift	39 320	41 003	41 686	38 999	2 687	-321
Næring plan og byggesak	9 997	12 289	12 272	9 888	2 384	-109
Kraftforvaltning	-25 233	-8 450	-8 450	-11 610	3 159	13 624
Pensjon mv. felles	-8 494	-14 731	-22 380	-23 140	760	-14 647
Sum løyvingar drift, netto	231 702	264 011	270 734	263 309	7 425	31 608
Av dette:						
Netto renteutgifter og -inntekter	-97	-150	-150	-60	-90	37
Avsetninger til bundne driftsfond	3 146	-260	-260	2 715	-2 976	-430
Bruk av bundne driftsfond	-783	11 035	11 035	8 015	3 020	8 798
Avsetninger til disposisjonsfond	2 751	2 504	8 504	8 172	331	5 422
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-841	841	-841
Korrigert sum løyvingar drift, netto	226 685	250 883	251 606	245 307	6 299	18 622

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Årsregnskap ØSK	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Rekneskap 2023	Budsj avvik	Endr-22-23
Fellesområde:						
Rammetilskot	-113 900	-118 161	-119 001	-121 273	2 272	-7 373
Inntekt- og formuesskatt	-118 728	-115 567	-115 567	-119 595	4 028	-867
Eigedomsskatt	-24 114	-25 550	-25 550	-24 961	-589	-847
Andre generelle driftsinntekter	-8 076	-8 159	-8 159	-6 270	-1 889	1 806
Sum generelle driftsinntekter	-264 818	-267 437	-268 277	-272 098	3 821	-7 280
Renteinntekter	-5 701	-3 540	-3 540	-7 955	4 415	-2 254
Utbytte	-2 853	-3 525	-3 525	-5 364	1 839	-2 510
Renteutgifter	10 271	19 964	19 964	18 955	1 009	8 684
Avdrag på lån	18 301	19 700	19 700	19 700	0	1 399
Netto finansutgifter	20 018	32 599	32 599	25 337	7 262	5 319
Avskrivningar	27 482	27 400	27 400	28 811	1 411	1 329
Motpost avskrivningar	-27 482	-27 400	-27 400	-28 811	-1 411	-1 329
Netto driftsresultat (- er overskot)	-18 115	16 045	15 928	-1 455	17 382	16 660
<i>i % av sum driftsinntekter</i>	<i>-4,2 %</i>	<i>3,7 %</i>	<i>3,6 %</i>	<i>-0,3 %</i>	<i>-4,0 %</i>	<i>3,8 %</i>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	6 600	2 735	1 431	1 431	0	-5 169
Avsettingar til bundne driftsfond	7 618	4 787	4 787	7 168	-2 381	-450
Bruk av bundne driftsfond	-16 506	-8 500	-8 500	-9 820	1 320	6 686
Avsettingar til disposisjonsfond	20 403	11 889	12 272	22 510	-10 238	2 107
Bruk av disposisjonsfond	0	-26 955	-25 917	-19 834	-6 083	-19 834
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	18 115	-16 045	-15 928	1 455	-17 382	-16 660
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	-0	-0	0	0	0

Vurdering av driftsresultatet og budsjettavvik på overordna nivå

Nedanfor følger ei analyse av driftsresultatet sine viktigaste postar på overordna nivå, herunder vesentlege budsjettavvik (jf. koml. § 14-7, 2 b), og vurdering av Kostra-nøkkeltal.

Driftsinntekter:

Brutto driftsinntekter:

Brutto driftsinntekter var 455.211` i 2023, vesentleg høgare enn budsjett og året før (+17.728`/, +19.706`). Hovudårsaka er høgare aktivitet som følgje av flyktningane frå Ukraina. Endringane kan oppsummerast i følgjande hovudpostar:

- Skatt og rammetilskot vart samla ca. 6.300` høgare enn budsjett. Rammetilskotet vart auka i revidert nasjonalbudsjett med nær 1.800` som kompensasjon for auka lønns- og prisvekst, redusert makspris barnehage og auka rettleiande sosialhjelpssatsar frå juli-23. Resten av auken er skatt og inntektsutjevning.
- Andre skatteinntekter - konsesjonsavgift og eigedomsskatt, vart 2.371` lågare enn budsjettet.
- Integreringstilskot frå staten vart ca. 15.500` høgare enn budsjett som følgje av ekstra busetjing av flyktningar og etterbetaling for busetjing året før. Vi la i budsjettet for 2023 til grunn mottak

av 20 nye busetjingar frå Ukraina og 12 ordinære, medan vi har teke imot ca. 60. Også utgiftene har auka, sjå nærare omtale av flyktningeinntekter og -økonomi under teneste Opplæring og kultur - flyktingtenesta.

- Husleigeinntekter vart ca 3.645` høgare enn budsjettert, i hovudsak på grunn av auka tal flyktingar som er busett. Det er også auka næringsutleige på Løken. I begge tilfelle er det tilsvarande auke på utgiftssida.
- Gebyrinntekter er netto ca 1.069` høgare enn budsjettert. Feiegebyr vart 2.936` høgare (der har kommunen tilsvarande auke på utgiftssida ved utbetaling til VBR IKS). Andre vegen går gebyrinntektene på vatn og avløp, byggesak, private planforslag og oppmåling (vi viser til omtale av sjølvkost under tenesteområda - Tekniske tenester).
- I tillegg har kommunen motteke tilskot og refusjonar frå statlege og private institusjonar, og som ikkje er budsjettert. I stor grad er desse øyremerka middel som går til prosjekt eller er avsett til bundne fond dersom midla ikkje er nytta i 2023.
- Høgare mva-kompensasjon (2.721`) og sjuke-/fødselspengerefusjon (4.705`) enn budsjettert. Postane har sin motsats under utgiftssida.
- Kraftomsettinga vart 21.642` lågare enn budsjettert som følgje av lågare kraftprisar. Netto resultatet vart betre, sjå nærare omtale av kraftforvaltinga under Finans-, gjelds- og kraftforvalting.

Kostra viser at kommunen sine brutto driftsinntekter er høgare per innbyggjar enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det har vore tilfellet også tidlegare år. Årsaka er i stor grad at det er mange hytteigarar i kommunen som bidreg inn med eigedomsskatt og kommunale avgifter.

Vi ser av Kostra at frie inntekter per innbyggjar var så vidt over kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Generelle driftsinntekter

Sum generelle driftsinntekter var 272.098` i 2023, 3.821` høgare enn budsjettert. Det omfattar skatt og rammetilskott og andre skatteinntekter, som omtala ovanfor.

Driftsutgifter:

Løyvingar drift:

Sum løyvingar drift, netto:

Desse tala er *etter* bruk og avsetning til fond i tenestene. Dvs. etter at sjølvkostområda vatn, avløp, private planforslag, bygge-/delesak og oppmåling, samt flyktingerekneskapet, er finansiert i null mot bundne sjølvkostfond og disposisjonsfond for flyktingområdet. Det som står att i dette talet er budsjettavvik på «generaløkonomien» øvrig, som blir finansiert av frie inntekter/disposisjonsfond.

Sum løyvingar drift, netto, viser eit mindreforbruk samla på 7.425`, og består i hovudsak av:

- Kraftforvaltingsområdet gav 3.159` i netto meirinntekter.
- Det er mindreforbruket i tenestene for øvrig, samla 4.266`.
 - Kommunedirektør felles, stab og pensjon viste netto mindreforbruk 2.850`, i hovudsak som følgje av vakansar, lågare pensjonskostnad og større finansiering frå sjølvkostområda.

- Tekniske tenester viste netto mindreforbruk på 5.155`, som følgje av lågare straumutgifter /straumprisar enn budsjettert.
- Det er meirforbruk under andre tenester; Rogne skule, Beito og Heggebø barnehagar og helse og omsorg.

Vi viser til nærare omtala under tenesteområda.

Korrigerte sum løyvingar drift, netto:

Desse tala er *før* bruk og avsetning til fond i tenestene. Her har vi eit mindreforbruk på 6.299`, som består av:

- Kraftforvaltingsområdet 3.149` (som over).
- Mindreforbruk /meirinntekter i tenestene øvrig (inkl. sjølvkostområder og flyktingområdet), med 3.140`.

Brutto driftsutgifter:

Vi ser av Kostra at brutto driftsutgifter per innbyggjar auka i 2023 i forhold til 2022, og har auka også dei tre føregåande åra. Utgiftene er og vesentleg høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Dei høgare utgiftene heng saman med at kommunen og har høgare brutto driftsinntekter enn snittet. Dette som følgje av mange hytteeigarar i kommunen, som både bidreg med inntekter, og som aukar aktivitet og utgifter til tenesteproduksjon.

Brutto driftsresultat:

Dette talet er *før* bruk og avsetning til fond i tenestene og netto finans. Vi ser at brutto driftsresultat vart lågare enn 2022, betre enn budsjettert 2023, og litt betre enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Netto finansutgifter:

Netto finansutgifter viser 7.262` i mindreforbruk.

- Det skuldast at vi fekk høgare renteinntekter enn budsjettert (4.415`). Investeringsutgiftene vart vesentleg lågare enn opprinneleg budsjettert, og den vesentlege delen kom fyrst godt ut på hausten. Dette fordi fleire av dei store prosjekta vart planlagt og førebudd av eigne tilsette tidleg på året, før anboda gjekk ut og arbeida kom i gang ut over hausten. I mellomtida stod ubrukne lånemiddel på bok.
- Vi betalte 1.008` mindre i renteutgifter enn budsjettert. Dette som følgje av at vi ikkje tok opp lån før heilt på slutten av året, fordi investeringsnivået ikkje vart så høgt som budsjettert.
- Vi fekk 1.839` meir i utbytte frå kraftselskap vi har aksjar i, etter ekstraordinært godt kraftresultat i bransjen i 2022.

Avdragskostnaden er på budsjett. Kostra viser at kommunen har høgare auka avdragsutgift (4,5% av brutto driftsinntekter, mot 4,3% i fjor), og høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (som ligg på 3,6%-4,0%). Dette kjem som følgje av høgt investeringsnivå dei siste åra.


Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat er kommunen sitt driftsresultat etter netto finans, men før avsetning og bruk av egenkapital (bundne og frie fond).

Netto driftsresultat for 2023 vart positivt med 1.455`. Resultatet er vesentleg svakare enn i fjor, men positivt, og 16.660` betre enn budsjettert. Netto resultatet utgjer 0,32% av sum driftsinntekter i kommunen. I kommunekonsernet er målalet 1%, og er på nivå med landet utanom Oslo, og litt over kostragruppe 04.

Kommunen har generelt mål om at netto driftsresultat skal vera på minst 1,75% av sum driftsinntekter (tidlegare 3%). Kommunen sitt driftsresultat i 2023 låg godt under dette.

Netto driftsresultat har vore slik dei siste åra:



Disponering av netto driftsresultat

Disponering er gjort slik:

Netto bruk av bundne fond

Det er netto totalt brukt 2.652` av bundne fond i 2023, som fordeler seg på:

- Sjølvkostområder der kommunestyret har vedteke at tenesta skal vera fullfinansiert ved gebyr (vatn, avløp, bygge-/delesak og private planforslag, spreidd avløp og oppmåling). Meir-/mindreforbruk det enkelte år blir finansiert mot bundne sjølvkostfond. I 2023 er det ført bruk av sjølvkostfond med totalt 2.496` (og i tillegg lånt av disposisjonsfond med 789` til sjølvkost). Det er brukt 859` mindre av fonda enn budsjettert for 2023, som følgje av meir utgifter og mindre inntekter enn budsjettert. Vi viser til oversikt under Tekniske tenester. Sjølvkostfonda er etter dette redusert til totalt 2.581`.
- Øyremerka prosjekt (sjølvfinansierte område) utgjør resten, med totalt 156` i netto bruk av fond (sjå spesifisering i note 11 til årsrekneskapen). Bruk av bundne prosjektfond og tilhøyrande utgifter er i hovudsak ikkje budsjettert.

Avsetjing til investering

Det er avsett til investering 1.431`, i tråd med budsjett.

Netto avsetjing til disposisjonsfond

Det er netto totalt avsett 2.674` til disposisjonsfond i 2023. Det er er 16.320` meir enn budsjettert (det var budsjettert netto bruk av disposisjonsfond), og er resultat av meirinntekter/ mindreforbruk i "generaløkonomien". Sjå oversikt under Fri eigenkapital drift.

Omtale av budsjettavvik under tenestene omfattar generelt generaløkonomien, og ikkje sjølvkost og andre sjølvfinansierte område.

Investeringer

Investeringsregnskap - oppsummering

Investeringsregnskapet er presentert under kapittel for årsregnskapet. I løyvingsoversikt etter § 5-5 første ledd ser vi at sum investeringsutgifter er på 61.606`, som er litt lågare enn revidert budsjett 63.911`. Investeringsinntektene er også litt lågare, med 59.291` mot revidert budsjett 61.490`. Det medfører at netto investeringsutgifter vart 887` høgare enn regulert budsjett.

Det er ikkje anledning etter regelverket til å føre meir bruk av lån enn budsjettert (sist oppdaterte budsjett). Dermed står 887` udekt på 2023 og blir framført til inndekking seinare år. Vi foreslår budsjettendring i 2024 med bruk av lån kr 887`.

Nedanfor fylgjer ei oversikt per prosjekt, med revidert budsjett, rekneskap, budsjettavvik og kommentarar.

For prosjekt som ikkje er avslutta per 2023 men fortset i 2024, har vi foreslått å overføre budsjettavviket til 2024 som budsjettregulering, sjå budsjettendringsforslag i vedlegg. Totalt foreslår vi å regulere investeringutgift-ramma ned med 2.294`, i alt vesentleg fordi framdrifta i 2023 har vore noko høgare enn estimert ved 2.tertial 2023/revidert budsjett.

Særskilt om kommunale bustadtomter

For dei kommunale bustadtomtene er situasjonen per 2023 som følgjer:

Kommunale bustadtomter	Tot tomter	Ledige tomter	Selde tomter	2023 Tidl.	Op-sjon	Halde av
Heranglie	32	30	2	2	0	5
Klyppemyrhaugen	25	9	16	0	16	0
Beitohagin	20	7	13	1	12	0
Kølleberg	10	4	6	0	6	0
Solhauglie	37	11	26	1	26	0
Løkjiskogen		17		0		0
Volbu		2		0		0
Sum		80		4		5

- I talet selde tomter inngår tomter det er signert kontrakt for. Det tek normalt litt tid frå signering til overskjøting og fakturering, slik at enkelte av dei selde tomtene 2023 er ikkje fakturert / inntektsført i 2023 men fyrst på 2024.
- I Klyppemyrhaugen er det seld to tomter, og kjøpt tilbake to.
- I Heranglie er det seld 2 tomter (L1 og nr. 29), og det er opsjon på fem (13, 19, 21, 22 og 28).
- Det er i tillegg halde av to tomter (der den i Solhauglie er seld i 2024).

Øystre Slidre kommune - Årsmelding og årsrekneskap 2023

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr Kommentar
Aksjar	300	30 lht. plan	Mindreforbruk	270 Avslutta. Aksjar er kjøpt ism. plan.
Andeler i KLP	800	756 lht. plan	Mindreforbruk	44 Avslutta. Egenkapitalinnskot i KLP (årleg).
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	700	1 243 Forsinket	Merforbruk	-543 Overførast til 2024. Turveg inkl.erverv av grunn i 2023, ca. kr 700`. Motteke nytt tilsegn frå Sparebank-stiftelsen på tot 2 mill.kr., herunder 700` inn i 2023. Rest av prosjektet blir overført til gjennomføring 2024-2025. Turveg og gatelyst ferdigstilt i 2023/2024. Bygging av dagsturhytte og oppstart regulering i 2024.
Kjøp bustad Bygdinvn.2175 (27/42)	2 310	2 307 Ferdig	Mindreforbruk	3 Avslutta.
Kommunale bygg - Brennebakkin avlastningsbustad	0	1 Ferdig	Merforbruk	-1 Avsluttast i denne omgang, bustaden i Vindevegen vert nytta inntil vidare.
Kommunale bygg - Heranglie bustader	0	124 lht. plan	lhht plan	-124 Prosjektet budsjettert fyrst frå 2024, men starta planlegging og tilbudsprosess i 2023. Overfør budsj.avvik til 2024.
Kommunale bygg - kjøp bustad - Bygdinvegen 2108 (27/66)	1 400	1 393 Ferdig	Mindreforbruk	7 Avslutta. Jf. KS-38/23, kjøpt bustad.
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	114	0 Forsinket	lhht plan	114 Overført til 2024.
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	500	186 Forsinket	lhht plan	314 Største delen av budsjettet for 2023 vert overført til 2024. Det er ikkje klart for bygging enda. Kommunen har inngått intensjonsavtale med Øystre Slidre biovarme. Det er sendt søknad til Innovasjon Norge om støtte til bygging. Kostnadsfordelinga mellom kommunen og Øystre Slidre biovarme er ikkje avklart. I tillegg kjem ombygging på bygga som skal bli tilkopa (kommunehuset, Klima+huset, ØSUS).
Kommunale bygg - nye helsetunet ute og inne	1 500	905 Forsinket	Merforbruk	595 Restbudsjett overførast til 2024, fram til planlagt sluttrapportering av prosjektet. Investeringstiltaka er ferdig, men det gjenstår litt usikkerheit når det gjeld sluttavrekning elektrisk og enkelte mindre postar.
Kommunale bygg - nytt helsehus	300	257 lht. plan	lhht plan	43 Prosjektet fortset 2024.
Kommunale bygg - Rogne barnehage utvid garderobe	831	27 lht. plan	Mindreforbruk	804 Overført til 2024. Ferdig, inkl. sluttavrekning frå byggentreprenør, men det gjenstår reetablering av solskjerming.
Kommunale bygg - Utsmykking mv. helsetunet	70	68 Ferdig	Mindreforbruk	2 Avslutta.

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Investering	Budsjett for året			
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr Kommentar
Kommunale områder for bustad og næring	100	1 226 lht. plan	lhht plan	-1 126 Gjeld i all hovudsak av to tilbakekjøpte tomter Klyppemyrhaugen. Meste av opprinneleg budsjett for kjøp grunn var overført til 2024, og vi overfører budsjettavviket til 2024. Overfører utgiftssida, der budsjettavviket er 1.126'. Sal av tomter ligg under eigen inntektspost.
Kommunale vegar - trafikktrygging Solhauglie/Rogne barnehage og skule	2 350	2 361 Ferdig	Merforbruk	-11 Avslutta.
Kommunale vegar - Volbu bru	30	80 lht. plan	lhht plan	-50 Ferdig med unntak av jordskiftesak i 2024, overfør rest budsjett til 2024.
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	0	22 lht. plan	lhht plan	-22 Prosjektet er budsjettet frå 2024. Oppstartskostnader i 2023. Entreprenør er kontrahert, bygging føregår i 2024. Det er søkt om spelemiddel, som blir fornya i 2024 (maks tilskot kr 300').
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	1 490	370 Forsinket	lhht plan	1 120 Oppstart ute tidlegast våren-24 (snøbar mark). Overføre restbudsjett til 2024.
Skibru - Finntøppvegen	330	320 lht. plan	lhht plan	10 Er ferdig, men vi lar budsjettet stå til vi har avklart om det er etterslep på utgifter, overførast til 2024.
Tenestebilar	150	0 Forsinket	lhht plan	150 Budsjettet investering i bil til flyktingtenesta er finansiert med overføring frå drift med kr 150.000 i -23. Innkjøpet er forsinka og overførast til 2024.
Trillesti Rupetjedn	687	102 Forsinket	lhht plan	585 Bærelag deler av stien, grusing, fiskebrygge, sitjegruppe, bom, skilting. lht.tidl.plan. Fått tilbod. Forsinka, blir gjennomført sommar/haust 2024.
VVA Heranglie	9 200	3 013 lht. plan	Merforbruk	6 187 Overført til 2024. Mindreforbruk 2023 på veg/straum/bustadfelt, og meirforbruk 2023 på VA-delen. Prosjektet er ferdig desember 2023, men gjenstår slutfakturering for mengderegulering. Det skjer i 2024 på mellom 2 og 3,5 mill., og dette er budsjettet for i 2024. Estimerer kostnadssprekk samla på rundt 4 mill. Årsakene er at det var meir masseuttak og lange skråningar og skjæringar i bratt terreng pga. lausmasser.
Sum	23 162	14 790		8 372

Øystre Slidre kommune - Årsmelding og årsrekneskap 2023

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året				
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr Kommentar	
VA -hytteområda - Finntøplie	8 720	8 020	Forsinket	Ihht plan	700 Skulle vera ferdig ila- 2023, men det gjenstår noko mindre arbeid med tverrtrase og grusing overflater i 2024, inkl. avrekning av alle endringsmeldingar. Ikkje nytta midlar overført til 2024.
VA hytteområda - Gravfjellet	200	16	Forsinket	Ihht plan	184 <p>Forsinka, kun ein liten start på prosjektering i 2023, overfør rest til 2024. Prosjektet har søkt tilskotsmidlar for å vurdere moglegheit for å redusere CO2 utslepp under bygging. </p>
VA hytteområda - Luskeråsen	50	3	Forsinket	Ihht plan	47 Overført til 2024.
VA i bygda - Bergojordet	4 000	3 086	Forsinket	Ihht plan	914 Gjennomført i stor grad i 2023, blir ferdig til sommaren 2024. Det gjenstår slutfakturering, der det er diskusjon om pris på nokon endringsmeldingar. Budsjettet er mest sannsynleg tilstrekkeleg.
VA i bygda - Kolleberg	500	594	Iht. plan	Ihht plan	-94 Anbod har vore ute, oppstart i 2023, gjennomføring 2024 (planlagt ferdig til sommaren), overførast til 2024.
VA i bygda - Nordtorp - Hegge stavkyrkje	5 000	3 757	Forsinket	Merforbruk	1 243 Overført til 2024. Anleggsstart i sep.-23, ferdigstilling juni 2024. I 2024 må vi rekne med å auke budsjettløyving pga. høg prisstiging /auka prognose for prosjektet.
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	200	0	Iht. plan	Ihht plan	200 Overførast til 2024. Gjenstår asfaltering o.l.
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	800	1 111	Iht. plan	Merforbruk	-311 Planlegging 2023 og 2024, søknad om konsesjon for uttak av drikkevann vart sendt i 2024 til NVE for behandling. Overføre budsjettavvik til neste år. Må rekne med budsjettauke etterkvart, for å dekke dei løysingane som det er behov for.
VA mindre anlegg årleg	5 250	944	Ferdig	Mindreforbruk	4 306 Avslutta. Er gjort arbeid på VA Storefoss Nedrefoss. Det har vore lite tid til småprosjekt i 2023. Mindre VA-anlegg er ei årleg løyving, ikkje aktuelt med rebudsjettering vidare.
VA Nordtorp høgdebasseng	610	1 190	Iht. plan	Ihht plan	-580 Overfør budsjettavviket til 2024. Hovedbudsjettet er på 2024.
VA Nye Nedrefoss RA	3 137	1 969	Forsinket	Merforbruk	1 168 Overført til 2024. Forprosjekt er ferdig, ØSK ventar svar fra statsforvalteren på søknad om utsleppsløyve i løpet av sommar 2024.
VA oppgradering Ole vassverk	2 300	31	Forsinket	Ihht plan	2 269 Overfør til 2024. Planlagt montering før jul, ca. 1,5 mill.kr + arbeid, elektriker mv. men vart ikkje gjennomført/fakturert per 2023.
VA transportmiddel	400	395	Iht. plan	Ihht plan	5 Overfør restbudsjett til 2024.
VVA Heranglie	9 582	25 700	Iht. plan	Merforbruk	-16 118 Overført til 2024. Mindreforbruk 2023 på veg/straum/bustadfelt, og meirforbruk 2023 på VA-delen. Prosjektet er ferdig desember 2023, men gjenstår slutfakturering for mengderegulering. Det skjer i 2024 på mellom 2 og 3,5 mill., og dette er budsjettet for i 2024. Estimerer kostnadssprekk samla på rundt 4 mill. Årsakene er at det var meir masseuttak og lange skråningar og skjæringar i bratt terreng pga. lausmasser.
Sum	40 749	46 816			-6 067

Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			
	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Økonomistatus
Sum	0	0		

Oppfølging handlingsregler

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Title -NO	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Prognose 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Prognose	0,0	0,0	0,0	0,0	0,3	0,0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	1,2	6,4	4,2	-3,6	0,0	1,2	-1,8	-1,3
Handlingsregel	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8

Fri egenkapital drift

Kommunens samla disposisjonsfond/ frie egenkapital drift jf. regnskapet auka med 2.676` i 2023 og var per 31.12.2023 på kr 73.900`. Summen av fri egenkapital drift utgjør 16,2% av brutto driftsinntekter (mot 16,4% per 2022).

I økonomiplanen for 2023 går det fram at kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen, og at det difor er eit mål for kommunen at sum av disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Ut frå brutto driftsinntekter 2023 bør disposisjonsfondet vera over 56.901`. Dette målet er tilfredsstilt per 31.12.2023.



Fri egenkapital overfor består av kommunen sine egne fond (ikkje "konsern"):

Oversikt frie fond	Saldo 01.01.	Saldo 31.12.	Endring	Avsetjing	Bruk	Sum
Disposisjonsfond	- 71 224	- 73 900	- 2 676	-22 509	19 833	-2 675
2560100 Disposisjonsfond	- 65 974	- 56 697	9 277	-9 768	19 044	9 277
2560108 Disposisjonsfond flykningtenesta	- 5 251	- 13 423	- 8 172	-8 172	-	-8 172
2560302 Disp fond (neg) - pr.plan/bygge-/delesak	-	789	789	-	789	789
2569936 Disposisjonsfond kraftsal	-	- 4 569	- 4 569	-4 569	-	-4 569

Tala kan avvike noko frå kostra nøkkeltala, som ikkje har med rekneskapsmessig mindreforbruk (tidlegare år), men har med «konsern».

I følge Kostra ligg kommunen no høgare enn både snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (16,6% i kommunekonsernet, mot hhv. 10,4% og 13,3%).

Kommunen har eit tilfredsstillande nivå på rekneskapsført fri egenkapital drift per 31.12.2023.

Ikkje all fri egenkapital drift er likviditet. Ein aukande og stor del av kommunen sin frie egenkapital drift inneheld premieavvik, som er inntektsført og ført opp som ein fordring, utan at det følgjer pengar med. Inntektsføringa er i tråd med kommunelova sine reglar for rekneskapsføring av pensjon. Kort fortalt har kommunen kostnadsført mindre pensjon enn det vi har betalt i pensjon, og forskjellen er ført opp som fordring i balansen. Den *likvide* delen av disposisjonsfondet, etter fråtrekk for balanseført premieavvik, 41.978` per 2023 (25.578` per 2022), er ca. 31.922` (45.646` i fjor).

Premieavviket

Det akkumulerte premieavviket har vore på eit stabilt høgt nivå dei siste åra, men nådde eit historisk høgt nivå i 2023.


Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein utrekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å vere mindre sårbare for konjunktursvingingar.

Låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstrammingar i ordninga.

Det ekstraordinært høge premieavviket i 2023 kan forklarast med at reguleringspremien vart svært høg, som ein følge av høg lønnsvekst i 2023.

Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) er etter ein vesentleg auke på 16.700` i 2023 samla på **41.978`kr** (KLP og SPK). Dette er i rimeleg samsvar med prognosane frå pensjonsleverandørane for 2023.

Det akkumulerte premieavviket i KLP er på 38.300` kr per 31.12.23. Dette er 5 mill. kr meir enn prognosane frå året før (jf. årsrapporten for 2022). Siste prognosar frå KLP tyder i retning av at det akkumulerte premieavviket vil auke ytterlegare gjennom 2024 (vil auke med 2,4 mill. kr i løpet av året).



Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor fylgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra (jf. nøkkeltal vist i anna kapittel).

Finansplasseringar

Per 31.12.2023 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot Kr 176.644` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 53.495`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapet. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var i 2023 6,515%.


Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.500` i 2023, 1.274` i 2022). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (3.801` i 2023, 1.480` i 2022). Det vart i 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det vart planlagt noko auke i utbytte framover. I 2023 fekk kommunen ekstraordinært høgt utbytte som følgje av høge prisar og overskudd i kraftbransjen i 2022. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2023 utgjør 14% avkastning (mot 5,4% året før).

Lånegjeld

Kommunen har ved utgangen av 2023 ei lånegjeld på kr 499.596`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i regentskapet for 2023. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.


Gjelda har gått opp i 2023 (med 44.421`), etter at nytt låneopptak oversteig avdragsbetaling. Ubrukte lånemiddel gjekk opp med 10.661`, frå 45.678` per 2022, til 56.339` per 2023.

Nedanfor ser vi utviklinga i sum lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter:



I økonomiplanen for 2023 har kommunen fastsett langsiktige økonomiske handlingsreglar/mål, og at netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkost) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsplikter) trekt frå totale utlån og unyttta lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne midlar). Nedanfor ser vi utviklinga i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter samla og for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), opp mot målsetjingane som vart sett i økonomiplanen for 2022-.



Lånegjelda for sjølvkost per 2023 er 217.301`. Netto lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkost) er på 205.025`, og innanfor handlingsreglene (45,0% mot mål på 50%).

Av Kostra ser vi at Øystre Slidre kommune si lånegjeld per innbyggjar framleis ligg godt over snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det viser nøkkeltala både for langsiktig gjeld og netto lånegjeld per innbyggjar og i prosent av brutto driftsinntekter. For eksempel er kommunen si netto lånegjeld per 31.12.2023 på 97,7% , medan kostragruppe 04 og landet utanom Oslo ligg på hhv. 78,6% og 92,7%.

Investeringsnivået har vore høgt siste åra, spesielt på VA, men har gått ned siste par åra. Vi ser av Kostra at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter er nede på 13,6%, og dermed om lag på nivå med kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (12,0%/14,0%).

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke. Netto renteeksponering gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen si renteeksponerte gjeld som er att etter at renteberande likviditet er trekt frå, inkl. gjeld til sjølvkostområda og gjeld med rentekompensasjon. Kostra viser at kommunen si netto renteeksponering i 2023 er på 24,8%, mot hhv. - 10,33%/50,1% i kostragruppe 04 og landet.

Kraftforvaltning

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 gWh. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse for 2023.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottok. Prisen for ein mindre del av konsesjons-krafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

Kraftforvaltning - reglement


Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i juni-22 (KS-34/22). Dette tilseier at kommunen i hovudsak skal selja kraftmengden vår i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler). Dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingingar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum (7 mill. kr) av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023). Reglementet skulle tre i kraft frå og med 1.1.2023, og tilpasning til nytt reglement skulle skje gradvis frå vedtakspunktet.

Kraftforvaltning - resultat 2023

Budsjettavvik: Då årsbudsjettet for 2023 vart utarbeida hausten 2022, var det unormalt usikre forutsetningar for kraftforvaltninga. Det hadde vore svært høgt prisnivå på krafta, og det var nyleg vedteke regelendringar for høgprisbidrag på konsesjonskraft, og auke i grunnrenteskatt for produsentar av andelskraft, som ville auke kostprisen for krafta. Som følgje av dette la kommunen i budsjettet for 2023 til grunn ein høg marknadspris (kr 1,80), høg kostpris som følgje av auka grunnrenteskatt, og høg skattekostnad som følgje av høgprisbidrag konsesjonskraft. Desse forutsetningane slo ikkje til. Kommunen unngjekk høgprisbidrag som følgje av av ein stor del prissikra kraftomsetning, og at spotprisen ikkje vart så høg som venta. Kostprisen vår vart heller ikkje så høg, i og med at spotprisen vart lågare enn budsjettet. Kraftregnskapet viser som følgje av dette svært høge budsjettavvik brutto, på salginntekter (21.642`), kostpris (18.998`) og skattekostnader (5.159`), medan netto kraftresultat vart 11.610`, som er 3.159` høgare enn budsjettet (8.450`).


Spotpris: Dei fastpris/prissikrings-avtalene som allereie var inngått før juni-22 for kraftmengde leveransar 2023 har vore gjeldande – det har vore få gode marknadsmoglegheiter for å løyse ut desse i løpet av året som gjekk. Det inneber at kraftmengden i 2023 for størstedelen var prissikra frå tidlegare (38,5 gWh). Det har gjeve eit svakare overskot av krafta enn om vi kunne fulgt spotmarknaden fullt ut i 2023. Gjennom-snittleg spotpris i 2023 var 76,36 øre/kWh, medan kommunen i snitt oppnådde 47,8 øre/kWh.

Statistikk viser at gjennomsnittleg spotpris i vårt område har variert mykje dei siste 19 åra, frå 9,8 i botnåret 2020 til 193,4 øre i toppåret 2022 - samla sett gjennomsnittleg spotpris på 42,34.



Etter uværet «Hans» i august vart kommunens kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, og kom ikkje i gang att. Det medførte litt tapt kraftmengde utover hausten. Totalt vart det seld 53,75 gWh, mot normalt ca. 54,5 gWh.

Nedanfor viser vi utviklinga i kraftinntekter, kostpris/kraftkjøp og netto resultat dei siste sju åra (tal i 1.000 kr).



Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

LLikviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen er auka frå 138.847` til 148.659` per 2023 (jf. note 1 til årsregnskapet). Av dette utgjer ubrukte lånemiddel 56.338`. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2023 men blir gjennomført i 2024. Akkumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen, denne posten har auka vesentleg. Som nevnt under omtale av frie midler drift, er ikkje dette reelle likvide midlar. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik) er ca. 50.343` per 31.12.2023. Vi vurderer at likviditeten er god, kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige gode vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering i 2023. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta i 2023 og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har gjort nytt låneopptak i året, i Kommunalbanken etter tilbud frå dei to store aktørane. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore høgare rentesats gjennom 2023 enn dei siste åra, men ei rentebelastning kommunen har kunna tole.

Kraftinntekter. Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Kraftforvaltningsreglementet vart endra i juni 2022 med verknad frå 1.1.2023.

Reglement før juni 2022	Reglement etter juni 2022
<ul style="list-style-type: none">• Kraftrettane skal seljast på det opne markedet på gunstigast moglege tidspunkt med mål å gje kommunen høgast moglege inntekter.• For å sikre føreseielege inntekter frå år til år, kan og bør kommunen nytte prissikring av mellom 50% og 100% av kraftmengda.• Trading (kjøp og sal utan underliggjande fysisk kraftmengde) skal samla ikkje overstige 10% av kraftmengda.• Val av forvaltar bør ta omsyn til tidlegare oppnådde resultat for kraftforvaltning, og om dei kan tilby ein sikra minstepris, i tillegg til konkurransedyktige honorar.	<ul style="list-style-type: none">• Andelskrafta skal seljast i spotmarknaden utan prissikring.• Øvrige kraftrettar skal seljast i spotmarknaden utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.• Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsetjast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjør 53 mill.kr.• Kommunen skal årleg inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. frå kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.• Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.• Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjør.

Kommunen skulle/kunne tilpasse seg praksis gradvis frå vedtakstidspunktet: «Tilpasning til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakstidspunktet. Prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement

trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og rådmannen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen.»

Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraft-forvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 229	3 236	3 252	3 291
Fødde	32	25	25	15
Døde	34	29	34	35
Fødselsoverskot	-2	-4	-9	-20
Innvandring	31	41	49	40
Utvandring	35	17	15	35
Innflytting, innanlands	130	136	160	186
Utflytting, innanlands	126	141	147	164
Netto innvandring og flytting	0	19	47	27
Folkevekst	-4	16	39	7
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 225	3 252	3 291	3 298

Utvikling i lokalsamfunnet

Samfunnsdelen av kommuneplanen (2020-2032) set opp følgjande hovudmål for lokalsamfunnsutviklinga:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidinnbyggjarar skal auke med minst 1% i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

I 2023 hadde vi følgjande måloppnåing for desse overordna måla:

Tema	Mål og måleparameter	Resultat
Tal innbyggjarar	Minst 1%, dvs. minst 32 nye innbyggjarar	7
Tal deltidinnbyggjarar	Minst 1%, dvs. minst 46 nye hytter/fritidsleilegheiter	-5
Tal gjestedøgn	20 000 nye gjestedøgn i året	-26047

Måla er ikkje nådd i 2023.

- I 2023 auka tal innbyggjarar netto med 7. Det er under målsetjinga. Dette på tross av forholdsvis høg netto innflytting innanlands og netto innvandring, kommunen har forholdsvis stort fødselsunderskot.
- Talet på hytter/fritidsleilegheiter gjekk ned med 5; tal på hytter gjekk opp med 22 medan tal på leilegheiter gjekk ned med 27. Sistnevnte er nok fordi ein del av leilegheitene er godkjent nytta som heilårsbustad og difor ikkje lengre er klassifisert som fritidsleilegheiter.
- Talet på gjestedøgn gjekk ned med 9,5% i kommunen i 2023 samanlikna med 2022. I 2022 var det imidlertid stor auke (28.000, mot mål om 20.000 nye). Det er den norske marknaden som svikta i 2023. Øystre Slidre kommune hadde litt lågare nedgang enn Valdres totalt, som hadde 10% nedgang.

Personal og organisasjon

Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 53 nye personar i faste stillingar gjennom 2023 (mot 39 året før). 48 personar (mot 35 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året. Dette gjev ein turnover på om lag 14,7 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 12,4 %.

Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2023 eit sjukefråvær på 11,9 %. Det totale talet på 11,9 % er det høgaste talet kommunen har hatt dei seinare åra.


Fordelt på område/kjønn er tala slik:

	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinner	10,9 %	10,6 %	11,3 %	12,4 %	13,7 %
Menn	4,3 %	5,0 %	2,9 %	5,5 %	4,9 %
Totalt	9,6 %	9,5 %	9,6 %	11,0 %	11,9 %


	2019	2020	2021	2022	2023
Opplæring og kultur	9,4 %	8,0 %	11,0 %	9,2 %	11,7 %
Helse og omsorg	11,0 %	12,6 %	10,8 %	13,7 %	13,9 %
Andre	7,3 %	6,7 %	5,1 %	9,9 %	8,8 %
Totalt	9,6 %	9,5 %	9,6 %	11,0 %	11,9

Det er særleg innan området for opplæring og kultur det har vore ei auke sidan i fjor.

Innanfor dei fleste områda har Øystre Slidre kommune eit høgare sjukefråvær enn landsgjennomsnittet (kommunal sektor):



Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjør hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen.

Kroniske/alvorlege lidningar gjev stort utslag på statistikken:



Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.


Uføredel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre er forholdsvis høgt, er det relevant å sjå på kor stor uføredelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune framleis har ein låg uføredel. Den låge uføredelen kan vere ei delforklaring på det høge sjukefråværet i kommunen, då dette kan vere ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakarar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd.

Uføredel i KLP-området utanom sjukepleiarar har utvikla seg slik (kjelde: KLP):

Uføreandel per årsverk

Kommuner og bedrifter



Denne statistikken viser ikkje sjukepleiarar (eiga ordning i KLP) eller undervisningspersonell (er medlemmer i SPK).

Likestilling


Under gjer vi greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd e og f).

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.

Nøkkeltal kvinnedel per 31.12.2023:

	Nøkkeltal
Kvinnedel tilsette:	274 av 345 (79,4 %)
Kvinnedel årsverk:	78,6 %
Kvinnedel toppleiarar (tilsette):	1 av 2 (50 %)
Kvinnedel mellomleiarar (tilsette):	19 av 24 (79,2 %)
Kvinnedel mellombels tilsette (utan fast stilling, inkl. vikar):	19 av 27 (70,4 %)
Kvinnedel deltidstilsette fast stilling (under 100%):	147 av 173 (84,9 %)
Kvinnedel foreldrepermisjon 2023 (tal veker):	407 av 454 (89,7%)

Kvinnedel av årsverk:




Per desember 2023 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 97,2 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 269 årsverk):

Likelønn:

	Desember 2022	Desember 2023
Snitt reg.lønn kvinner	525 568	559 295
Snitt reg.lønn menn	552 848	575 319
Likelønnsprosent	95,1 %	97,2 %

Tilsvarande tal for 2022 var 95,1 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **positiv** likelønnsutvikling gjennom 2023.

Utviklinga har vore slik:



Likelønnsutviklinga har vore jamt positiv i kommunen gjennom dei siste fem åra (ein liten tilbakegang i -21), og er no på eit «historisk høgt» nivå.

Når det gjeld negativ likelønnsutvikling i kategorien «mellomleiarar», er forklaringa samansett. Frå 2020 til -21 var det ein auke i talet på mellomleiarar som ein følgje av omorganiseringar innan helse og omsorg. Talet på mellomleiarar, og då særleg mannlege mellomleiarar, er så lite at tilfeldige variasjonar (gjennom tilsette i avgang og nytilsettingar) vil gje stort utslag på statistikken.

Tiltak (diskriminering/likestilling)

Kommunen har i sine lønnspolitiske retningslinjer eit eget kapittel om likelønn.

Kommunen er bevisst på å kalle inn søkjarar på intervju basert på kvalifikasjonar, og har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar av utanlandsk opphav, også i administrative stillingar.


Likebehandling er ein viktig verdi i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2023.

Kommunen har ein liberal praksis når det gjeld mogelegheiter for mellombels redusert arbeidstid i periodar med omsorg for små barn.

Det er ikkje konkrete planar om større tiltak.

Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidspromatikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):



Gjennomsnittleg stillingsprosent (faste stillingar) har – kommunen sett under eitt – hatt ein auke gjennom dei tre siste åra, og er no på eit «historisk høgt» nivå (auke frå 79,34 til 81,14 siste året).

For kvinner er endringa fordelt slik (på område):

Område	2021	2022	2023
Opplæring og kultur	89,58	85,91	86,12
Helse og omsorg	65,15	69,05	72,75
Andre	86,00	84,67	85,98
Totalt	78,02	79,13	80,78

I turnusyrke er dette ei kompleks problemstilling. Krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar), dersom det ikkje samstundes blir gjort noko med arbeidstidsordningane.

Det er frå innflytting i nytt helsetun i 2021 gjort avtale med organisasjonane om mellombels unntak frå arbeidsmiljølova, med innføring av langvakter på helg (14-timersvakter) for dei som ynskjer det. Dette har gjort det mogeleg å tilby høgare stillingar for dei tilsette som ynskjer det.

Øystre Slidre kommune praktiserer elles deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtalen. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

Etisk standard

Under gjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd, bokstav d).

Kommunen sine etiske retningslinjer (vedtekne i -22) bygger på kommunen sine verdiar (frå samfunnsdelen av kommuneplanen), og er utarbeida i samsvar med råd frå KS. Dei etiske retningslinjene inneheld m.a. skildringar av interessekonfliktar, inkl. habilitetsspørsmål, bijobbar og gåver/fordelar, og seier noko om reaksjonar ved brot på retningslinjene.

Kommunen hadde ingen varslings saker i 2023. Kommunen sine varslingsrutinar vart reviderte i 2023.

Miljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at *"Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+."*

Vi etablerte i 2020 prosjektet Klima+ og har i 2020-2023 arbeida med å omstille hyttenæringa til ei meir klima- og miljøvenleg næring. Prosjektet vart avslutta hausten 2023, men arbeidet er implementert i ordinær drift.

Kommunen vart miljøsertifisert i 2021.

Internkontroll

Internkontroll

Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (1000 dokument/lenkjer per mars 2024).
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldinger/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2023 meldt om 345 avvik. Dette er ein betydeleg oppgang frå tidlegare år, og kan truleg forklarast med at kommunen har hatt eit tydeleg fokus på avviksregistrering, både på leiarnivå og ute i verksemdene. Det har vore eit uttalt mål (m.a. i årsrapporten for 2022, men også gjennom revisjonsrapport etter forvaltningsrapport på internkontrollområdet i 2022) å motverke ev. underrapportering av avvik.

Dei siste fem åra har talet på avvik variert slik:

År	Tal avvik
2019	114
2020	138
2021	126
2022	199
2023	345

Avvika er fordelt slik på kategori:

	2022	2023
Teneste/brukar	40,6 %	46,1 %
Organisasjon/internt	16,6 %	17,8 %
HMS	41,7 %	34,5 %
Personvern/GDPR	1,1 %	1,6 %

Det er gjennomført opplæring på internkontrollsystemet i fleire delar av verksemda også i 2023.

Avvika fordeler seg slik på alvorsgrad:

	2022	2023
Låg	126	219
Middels	62	107
Høg	11	19
Totalt	199	345

Som tabellen viser, gjeld den forholdsvis store auken i meldte avvik i hovudsak avvik av låg alvorsgrad. Dette kan vere eit teikn på at fokuset kommunen har hatt på internkontroll og avviksregistrering har hatt ein effekt. Det er difor viktig å halde fram med fokus på dette.

Avvika fordeler seg slik på område:

	2022	2023
Helse og omsorg	54	142
Opplæring og kultur	137	183
Andre	8	20
	199	345

Tabellen viser at den største auken i rapporterte avvik siste år har vore innan helse og omsorg, som nesten har hatt ei tredobling av talet på meldte avvik. Det har også vore ei betydeleg auke innan opplæring og kultur.

Kommunen har starta ein systematisk gjennomgang av rutineane. Internkontroll har vore tema på leiarmøte også i 2023.

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon på internkontrollområdet heilt på slutten av 2022. Revisjonsrapporten vart framlagt i januar -23, og ga slike tilrådingar:

- Sette internkontroll-arbeidet i system med faste internkontroll-aktivitetar gjennom året og etablere rutinar for evaluering av internkontrollen.
- Vurdere prosedyrar og rutinar som er viktig for sikre god internkontroll og følgje opp at dei er oppdaterte.
- Etablere eit system og rutinar for å gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå.
- Etablere god praksis for å rapportere avvik i Compilo frå alle tenesteområda, og at avvik vert følgd opp.
- Vurdere om dagens system for rapportering er tilstrekkeleg til å oppfylle kravet om internkontroll etter kommunelova.
- Vurdere om kommunen får tilstrekkeleg informasjon i vertskommunesamarbeid til at vi er trygge på at innbygarane får dei tenestene dei har krav på.

Kommunen er i gang med oppfølging av desse punkta.

Som ein del av årsrapporteringa for 2023 har tenesteleiarar rapportert inn til kommunedirektør på dei risikofaktorane som har potensielt høg/alvorleg risiko/konsekvens. Vurderingane er at kommunen har rutinar og tiltak på plass som reduserer risikoane til eit akseptabelt nivå.

Kommunen sine tenesteområde

Kommunedirektør - fellesområde

Status økonomi

Beløp i 1000


Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
100-Politisk leing og kontrollorgan	2 846	2 943	3 028	85	2,8 %
110-Kommunedirektør felles	1 691	2 973	3 582	609	17,0 %
120-Stab	15 834	16 236	18 326	2 090	11,4 %
800-Kraftforvaltning	-25 238	-11 610	-8 450	3 159	37,4 %
900-Ramme og skatt	4	0	0	0	0,0 %
910-Renter og avdrag	1	0	0	0	0,0 %
950-Pensjon mv. felles	-8 494	-23 140	-22 380	760	3,4 %
Sum	-13 356	-12 598	-5 894	6 704	113,7 %

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren – fellesområde viser samla mindreforbruk/meirinntekt på 6.704`. Det skuldast i hovudsak:

- Politisk leing og kontrollorgan viser mindreforbruk (85`), som følge av 110` lågare utgifter til revisjon enn budsjettert (regnskapsrevisjon og veiledning/bistand). Det er meirinntekter (15`, vigsel mm.), men meirforbruk på lønn (34`, godtgjersle folkevalgte leiarar mv.).
- Kommunedirektør felles viste mindreforbruk (609`), som skuldast at det ikkje var uttak av AFP 62-64 som medførte eigenandel for kommunen (budsjettert 536`), og at det var vakanse deler av året som gav mindreforbruk på lønn.
- Stab hadde mindreforbruk (2.090`), i hovudsak som følgje av:
 - Lønn viser mindreforbruk (348`), i hovudsak på økonomiavdelinga som følgje av vakansar i deler av året, og lærlingverksemd har hatt lågare aktivitet enn budsjettert.
 - IKT har fakturert mindre (577`), etter at dei endra praksis og skifter ut pc/ipad sjeldnare enn det som var lagt til grunn i budsjettert.
 - Porto/frankeringsmaskin utsendingskostnader viser mindreforbruk (netto ca. 460`). Kommunen fekk tilbakebetalt for mykje betalt for frankeringsmaskinen, og det var noko lågare utsendingskostnader mv. enn budsjettert i 2023. Til fråtrekk gjekk kjøp av ny frankeringsmaskin.
 - Meirinntekter på bruk av fond (ca. 970`). Dette er dels for sjølvkost, der indirekte kostnader jf. etterkalkyle vart høgare (ca. 800`) enn budsjettert, og desse for størstedelen blir finansiert under stab. Hovudårsak er pensjonføring, m.a. bruk av premiefond. Det er også ført bruk av flyktningeinntekter (170`), til dekning av ekstraarbeidet økonomiavdelinga har hatt.
 - Meirinntekter på gebyrinntekter (140`), bl.a. på omsetningsavgift alkohol/ skjenkeløype mv.
 - Til fråtrekk går meirforbruk (ca. 400`), der dei største er på yrkesskadeforsikring (92`), serviceavtalar (133`) og kjøp av telefon (58`, etter omlegging frå fast til mobil).
- Kraftforvaltning (3.159`) gav betre nettoresultat. Vi viser til nærare omtale under kapittel Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.
- Pensjon netto totalt for kommunen viser mindreforbruk (760`).

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Viser til omtale under sentralt kapittel.	vurdering		
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.	Sjukefråvær i gruppa "Andre" (utanom OK og HO) var i snitt 8,8%, mot 9,9% i 2022. Viser til omtale under sentralt kapittel.			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenestekområda i kommunen.	Området viser netto inntekter, som er høgare enn budsjett. Det er ikkje reelle negative budsjettavvik under kommunedirektøren /felles i 2023. Det er heller ikkje negativt budsjettavvik samla for kommunen.	Innanfor budsjett	-100,0 %	-213.7 

KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2022	Øystre Slidre 2023	Kostra-gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	6 181	6 125	6 207	4 923
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	197	199	278	143
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	534	570	753	510

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har administrative utgifter omlag på snittet i kostra-gruppe 04, men ein god del høgare enn landet utan Oslo. Det er vanskeleg å vite kva som er årsaken til dette. Vi veit at det er stor variasjon i korleis kommunane fordeler utgifter til administrasjon og tenestefunksjonar.

Kommunen har i 2023 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostra-gruppa, men meir enn landet utanom Oslo, vi ligg altså om lag midt på treet. Talet er om lag som året før.

Kommunens utgifter til politisk styring gjekk litt opp i 2023, etter nedgang i 2021 og litt inn i 2022 som følge av koronaen. Kommunen ligg på eit normalt nivå om ein ser på gruppene kommunen samanliknar seg med, noko lågare enn kostragruppe 04 og høgare enn landet utanom Oslo.

Opplæring og kultur

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
200-Felles opplæring og kultur	7 575	8 574	7 888	-686	-8,7 %
211-ØSUS	10 930	13 003	13 350	347	2,6 %
212-Rogne skule	15 280	20 342	17 476	-2 867	-16,4 %
215-Lidar skule	13 013	15 188	15 138	-50	-0,3 %
232-Rogne barnehage	11 085	14 085	14 152	66	0,5 %
236-Beito barnehage	5 959	8 008	7 584	-424	-5,6 %
238-Private barnehagar	5 436	6 248	5 988	-260	-4,3 %
250-Kulturavdelinga	9 397	9 967	9 962	-5	0,0 %
280-Flyktningtenesta	-676	0	-47	-47	-100,0 %
Sum	78 000	95 415	91 490	-3 925	-4,3 %

Kommentar til status økonomi

Totalt sett er det eit meirforbruk innanfor opplæring og kultur i 2023 på 3.925`. Det kan oppsummerast slik:

Felles opplæring og kultur (meirforbruk 686`)

PPT (pedagogisk psykologisk teneste) viser meirforbruk for vår kommune sin del på 605` (totalt for PPT på 4.605`). Dette er i årsberetninga frå PPT (vertskommune Nord-Aurdal kommune) grunngjeve med høgt sjukefråvær og tilsettingar for å demme opp for ustabilitet på grunn av fråvær.

Sentralt område viser mindreforbruk på 701`, hovudsakleg innan grunnskule. Dette går i stor grad mot meirforbruk på andre ansvarsområde.

ØSUS (mindreforbruk 347`)

Mindreforbruket skuldast i hovudsak mangelfull tilgang på vikarar ved sjukefråvær eller permisjonar. Det er eit meirforbruk på 316` til skuleskyss og inventar.

Rogne skule (meirforbruk 2.867`)

737' av meirforbruket er på fastløn, sjuke- og ferievikar i tillegg til behovet for ekstra hjelp. Bakgrunnen er auka behov for spesial-pedagogisk oppfølging. Det har vore naudsynt å hente inn ekstra folk både av omsyn til elevane det gjeld og av omsyn til klassefelleskapen. Det har også vore særskilt mykje sjukefråvær, særleg våren -23, men også på hausten. Refusjonane er 157' høgare enn budsjettert.

Det er vidare eit meirforbruk på totalt 1.977' knytt til innleie av personell i to stillingar gjennom firmaet Familiehjelp. For eit særskilt årstrinn vart det klart på våren 2023 at vi ville trenge eit heilt nytt team inn på trinn. Bedriftshelsetenesta tilrådde innleie av kompetanse som eit av fleire tiltak. Tiltaket har vore meir kostbart enn føreset. I perioden september-desember har vi også hatt inne ein person i ytterlegare ei stilling fire dagar i veka. Vi brukte også firmaet i ei utfordrande elevsak. Tiltaket har vore

kostbart, men samtidig ser vi det som heilt naudsynt for å kunne tilby god kvalitet i arbeidet dette skuleåret.

Lidar skule (mindreforbruk 176`)

Mindreforbruket skuldast mangelfull tilgang på vikarar ved fråvær. Det er noko meirforbruk på undervisningsmateriell.

Rogne barnehage (innanfor budsjett)

Rogne Barnehage er innanfor budsjett.

Beito barnehage (meirforbruk 424`)

Meirforbruket er i hovudsak på lønn (392`), som fordeler seg på fastlønn og vikarar. Årsaken til meirforbruk på lønn er nye barn med omfattande spesialpedagogisk behov. Noko av dette vart ivareteke i budsjetteringa for 2023, men det har kome fleire barn i barnehagen i løpet av året. Det har mellom anna vore oppretta ei eige spesialpedagogisk avdeling for å ivareta behovet til barna.

Det har også vore meirforbruk innanfor drift. Årsaken er mellom anna utgifter til tolketenester og innkjøp av arbeidstøy til personalet.

Private barnehagar (Heggebø friluftsbarnhage) (meirforbruk 260`)

Meirforbuket er knytt til spesialpedagogiske tiltak.

Kulturavdelinga (innanfor budsjett)

I 2023 har vi eit meirforbruk på kulturskulen og eit mindreforbruk på kultur.

Flyktingetenesta

2023 har som 2022 vore prega av Ukraina-krigen. Vi har i 2023 teke i mot 60 flykningar, og 66 året før. Dette har utfordra oss når det gjeld å levere tilfredsstillande med bustader, opplæring, integrering og kommunale tenester øvrig.

Mottaket av flykningar påverkar heile kommunen, og har generelt medført både høgare utgifter og inntekter enn det som vart budsjettert for året. Ekstra inntekter og utgifter som følgje av mottak av flykningar er prosjektført, og overskotet jf. prosjektrekneskapet er avsett mot flykningefondet.

Resultatpost	Flyktinge- tenesta	Kommune- direktør felles	Opplæring og kultur øvrig	Helse og omsorg	Tekniske tenester	Sum
Introstonad	9 764	1 333	-	-	-	11 097
Lønn øvrig	6 429	328	999	54	642	8 452
Sosialstonad	-			3 775		3 775
Utgifter øvrig	4 104	-	135	2 286	1 688	8 213
Inntekter	- 39 710	-	-	-	-	- 39 710
Regnskapsresultat	- 19 413	1 661	1 134	6 115	2 330	- 8 173
Avsett til ubunde flyktn.fond	19 413	- 1 661	- 1 134	- 6 115	- 2 330	8 173
Netto regnskapet	-	-	-	-	-	-

Øystre Slidre kommune - Årsmelding og årsrekneskap 2023

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Sjukefråværet i sektoren var høgare i 2023 enn i 2022 (då var det 9,2% i snitt). Sjå nærare omtale under sentralt kapittel.	Sjukefråvær	9,2	11,7	!
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Vi har meirforbruk innanfor enkelte områder og mindreforbruk andre stader. Mindreforbruket handlar om lite tilgang til vikarar. Totalt sett ligg vi 4% over budsjett.	Innanfor budsjett	100,0 %	104,3 %	–
	Flyktningetenesta: Alle flyktningar er i jobbe eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet	17 personar har fått jobb etter introduksjonsprogrammet.	Sosiogram - løpende observasjon	100		
	Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompentansen.	Det er ikkje gjennomført foreldreundersøking i 2023, men resultat frå hausten 2022 er take med i vidare arbeid i 2023. Ved bemanningsutfordringar kan det vera krevjande for dei tilsette å møte foreldra god nok/lenge nok på morgonen, men personalet og leiinga strekker seg langt for å ha god kontakt med heimane. Foreldreskule i barnehagen er starta opp som eit nytt tiltak for å heve foreldrekompentansen. Tilsette har fått meir kompetanse frå COS-P kurs som dei kan bruke til å rettleie foreldre i aktuelle situasjonar.	Foreldreskule i barnehagen ja=1, nei=2	1	1	✓
			Foreldreundersøking annankvart år ja=1, nei=2	1	1	✓
	Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.		Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,4	3,2	–
			Elevunders. 10. trinn - Felles regler	3,9	3,7	–
			Elevunders. 10. trinn - Læringskultur	3,9	3,9	✓

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	
			Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	10,0	26,9	!
			Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,6	–
			Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,5	2,9	–
			Elevunders. 7. trinn - Felles regler	3,9	3,7	–
			Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne	3,7	3,5	–
			Elevunders. 7. trinn - Trivsel	3,7	3,6	–
			Elevunders. 7. trinn - Læringskultur	3,7	3,5	–
	Opplæring og kultur: Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.	Ved bruk av ulike kartleggingar kan barnehagane følgje med på kvart enkelt barn i tillegg til dagleg oppfølging og kommunikasjon med heimar.	Sosiogram - løpende observasjon	100		
	Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.	Aktivitetar som har vore i Tingvang kulturarena har vore utført av lokale aktørar i form av konsertar. Det har ikkje vore ei auke i aktiviteten i 2023.	Sosiogram - løpende observasjon	0	0	
	Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Barnehagane i Øystre Slidre kommune har hatt felles planleggingsdagar, vore med på utviklingsarbeid i regi av høgskulen i Innlandet.	Kompetanseheving	90,0 %		
	Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.		Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	49,0	48,0	✓
			Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	48,0	47,0	–
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	50	52	✓
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1	7,0	7,1	✓
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	50	49	–
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1	6,0	5,7	✓
	Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Gjennomført	Kompetansedeling, ja=1, nei=2	1	1	✓

Øystre Slidre kommune - Årsmelding og årsrekneskap 2023

KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2022	Øystre Slidre 2023	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	596	567	699	612
Barnehage netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	7,9 %	8,1 %	9,6 %	12,0 %
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	10,0 %	10,7 %	11,6 %	14,2 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **)	409	429	748	1 075
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	1 696	2 274	2 891	3 089
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	23,7 %	23,8 %	22,1 %	23,2 %
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,0 %	2,5 %	3,3 %	4,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	224	260	163	248
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	193 122	230 287	234 751	214 241
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	119 672	147 126	128 106	114 892
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	6 302	7 059	5 049	3 319
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	5 838	7 238	11 529	13 533
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,4 %	1,3 %	1,2 %	1,0 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,0 %	2,7 %	2,4 %	2,8 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieell (202), per elev i grunnskolen *)	2 641	2 767	2 474	2 163
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	190 492	206 506	180 667	153 326
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	4,2 %	2,7 %	1,6 %	3,3 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	21,6 %	24,3 %	17,3 %	22,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,0 %	11,1 %	9,9 %	8,1 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,9 %	6,6 %	5,6 %	5,9 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	92,6 %	83,9 %	74,7 %	85,8 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	32,5 %	23,1 %	20,0 %	18,6 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	65,9 %	63,6 %	63,5 %	64,3 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	64,3 %	71,9 %	64,8 %	64,9 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	5,2	4,6	3,3	2,5
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	35,9 %	26,9 %	40,9 %	41,3 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	90,6	85,1		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,6		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	40,9	41,5	41,6	42,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,2	9,6	10,9	12,5

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Skule

Kommunen nyttar 23,8% av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren (sjå under Prioritet). Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år ligg ligg vi også over pr. innbyggjar 6-15 år, og vi har hatt ei auke frå 2022 til 2023. Vi brukar meir pengar pr elev enn landet og kostragruppa på undervisningsmateriell (under Produktivitet).

Innanfor skulefritidsordninga er brutto driftsutgifter pr innbygger på kr 429 (under Prioritet). Dette er godt under samanlikna med kostragruppa og landet, men det har vore ei auke dei siste fire åra. Noko av forklaringa på at vi ligg under kan vera at vi har færre timar med SFO enn mange andre stader i landet. Dette kan forklarast ved at vi har lengre skuledagar, og at ei skule ikkje har SFO på morgonen. I 2023 vart det innført gratis kjernetid på SFO også for 2. klasse. Tiltaket med gratis kjerne tid på SFO gir fleire elevar på SFO i kommunen.

Kommunen ligg over kostragruppa (3% høgare) og landet når det gjeld del elevar som mottok spesialundervisning (sjå under Dekningsgrad). Kostra viser ein nedgang på tal timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt. Noko av nedgangen er feil, då det var rapporteringsfeil i 2022. Kommunen ligg 4,5% høgare på tal timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt enn kostragruppa i 2023. Særskild språkopplæring har hatt ei forventa auka med 1,7%, og kommunen ligg over kostragruppa og landet. Forklaringa her er høge busettings-tal over to år.

Del undervisning gjeve av godkjent undervisningspersonale er på 85,1 (sjå under Kvalitet). Dette er ein nedgang på om lag 5%.

Nasjonale prøver viser at vi ligg på same nivå som kostragruppa og litt under landet på lesing 8. trinn. På rekning 8. trinn har vi ei forbetring frå 2022. Her ligg vi over kostragruppa og landet utan Oslo. Kommunen ligg litt under landet og på same nivå som kostragruppa på grunnskulepoeng.

Elevundersøkinga viser ein nedgang i trivsel samanlikna med året før (under Kvalitet).

Gjennomsnittleg gruppestørrelse i grunnskulen er på 9,6. Her ligg vi under Kostra og landet utan Oslo.

Skulebygg: Kommunen har hatt høge brutto driftsutgifter til skulebygg samanlikna med kostragruppa og landet (under Prioritet).

Barnehage

Kommunen nyttar 10,7% av samla netto driftsutgifter til barnehage (sjå under Prioritet). Dette er under kostragruppa og landet. Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år har auka (under Prioritet), og vi ligg no nærmast likt med kostragruppa, og over landet utan Oslo.

Det er ei auke i barn som får spesialpedagogisk tilbod i barnehagane (sjå under Dekningsgrad). Vi ligg litt over landet utan Oslo, og godt over kostragruppa.

Minoritetsspråklege i barnehagealder går i barnehagane i Øystre Slidre, men det er ein nedgang frå 2022. Vi ligg no mellom kostragruppa og landet utan Oslo (under Dekningsgrad).

Kostra viser at det er ein nedgang i del barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga frå 35,69% i 2022 til 26,9 i 2023 (under Kvalitet). Det er godt under snittet i kostragruppa og landet. Totalt sett har vi 4,8 årsverk på dispensasjon frå utdanningskravet, dei er ikkje rekna inn her. Dei som har dispensasjon, er på mellombelse avtalar. Det er forventa at dette vil endre seg når personell er tilbake frå permisjonar.

Vi har også tilsette som no ynskjer å ta barnehage-lærarutdanning. Det vil gjere oss mindre sårbare og gje ei meir stabil dekning av pedagogar fram i tid. Alle med dispensasjon frå utdanningskravet er lagt inn i pedagognorm.

Kultur

Kommunen har i 2023 redusert noko tilskot frå 2022 til andre kulturaktivitetar og kulturbygg per innbyggjar (sjå under Prioritet). Vi ligg under kostragruppa og landet.

Innanfor kulturskulen har vi gått noko opp per innbyggjar i kroner (under Prioritet), og vi ligg på 2,5 % i netto driftsutgifter av kommunen si totale netto driftsutgifter på kultur mot 3,3 % i kostragruppa og 4,1% i landet. Ventelista har gått ytterligare ned frå 2022 til 2023.

Biblioteket er mykje brukt, og vi har auke på utlån per innbyggjar (under Dekningsgrad). Det er godt over kostragruppa og landet. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
300-Felles helse og omsorg	23 429	20 561	23 186	2 625	11,3 %
310-Helse og tilrettelagde tenester	28 399	38 886	37 285	-1 601	-4,3 %
350-Førebygging og meistring	32 520	37 440	36 881	-559	-1,5 %
360-Institusjonstenester	32 699	34 718	33 745	-973	-2,9 %
370-IIB Tilrettelagte tenester	195	0	0	0	0,0 %
Sum	117 243	131 605	131 096	-509	-0,4 %

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg viser samla meirforbruk på 509`. Dette fordeler seg på følgende:

Felles helse og omsorg (mindreforbruk på 2.625`)

Dei vesentlege budsjettavvika på dette området er:

- Tildelings- og bustadkontoret viser mindreforbruk på 3.569`. 2.255` av dette er høgare husleigeinntekter enn budsjettet, som følgje av auka busetjing av flykningar. Kommunen har også relaterte auka kostnader bl.a. under tekniske tenester til istandsetting og drift av bustader, og auka bruk av sosialbudsjettet. Tenesta har hatt mindreforbruk på lønn grunna høgt sjukefråvær og permisjon der det ikkje har vore mogleg å skaffe vikar.
- Barnevern meirforbruk 2.167`. Vi viser til årsrapport for interkommunale samarbeid frå vertskommunen Nord-Aurdal, som skriv at meirforbruket har si årsak i nye tiltak i 2023, både i og utanfor familien (institusjonsplass).
- Legevakt meirforbruk 1.399`. Det var tilsvarande høgt kostnadsnivå og budsjettsprekk i 2022. Budsjettavviket skuldast utgifter for å sikre nødvendig bemanning og kompetanse for å drifte legevakta, både leger og sjukepleiarar. Det har vore krevjande å sikre nok legar inn i legevakt og turnus for sjukepleiarar har hatt mange hol og høgt sjukefråvær som har medført lønnskostnader ut over budsjett. Vi er blant dei kommunane som ikkje har stilt med tilstrekkeleg legekapasitet.
- NAV Valdres viser hjå oss netto mindreforbruk med 2.247`. Utgiftene som er fakturert oss frå NAK viser meirforbruk på 1.528`, og utgiftene har gått opp 3.523` frå 2022. Det er som følgje av auka tal flykningar, viser rapporten frå NAV. Vi har difor finansiert (inntektsført her) 3.775` frå flyktingefond, og det var ikkje budsjettet.

Helse og tilrettelagde tenester (meirforbruk på 1.601`)

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

- Tilrettelagde tenester har meirforbruk på totalt 1.757`. Hovuddelen er på lønn, ca. 2.000`, grunna høgt fråvær som har medført overtid og bruk av ekstravakter. Det er fleire brukar med auka behov.

- Legetenesta har meirforbruk på 58`. Mindreforbruk på lønn og inntekter dekker opp meirforbruk på driftsutgifter som i alt vesentleg er innleie av lege. Legetenesta er kompensert med ca. 500` for ekstra utgifter til flyktningar bla. tolke teneste.
- Det er mindreforbruk på helsestasjon og skulehelseteneste (344`) og psykisk helseteneste (197`), som i hovudsak skuldast vakanse, fråvær og permisjon utan vikar, og i tillegg øyremerka prosjekttilskott/bundne fond som har finansiert lønn som er budsjettert.

Førebygging og meistring (meirforbruk på 559`)

Meirforbruk skuldast i all hovudsak innleie vikarbyrå.





Meirforbruk på vikarbyrå er 3.249`. Også på overtid og vikarutgifter er det meirforbruk, men det er mindreforbruk på fastlønn grunna vakansar, og meirinntekter på sjukepengerefusjonar, slik at netto lønn viser mindreforbruk på 1.940`. Noko av fastlønna og noko utstyrskjøp er finansiert av bundne middel, som også har bidrege til mindreforbruk.

Institusjonstenester (meirforbruk på 973`)

Meirforbruket er i alt vesentleg på innleie vikarbyrå.

Det har i tillegg vore meirforbruk på overtid og sjukevikar, men det er finansiert av mindreforbruk fastlønn pga.vakansar, og av meirinntekter på sjukepengerefusjon. Nokon av dei fast tilsette er nytta på prosjekt og finansiert av bundne midlar, dette bidreg til mindreforbruk. Det er meirforbruk på medisinsk forbruksmateriell 200`.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Sjukefråværet i sektoren var i snitt 13,9% i 2023, mot 13,7% i 2022. Vi viser til nærare omtale under sentralt kapittel.	Sjukefråvær	11	14 
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.		Innanfor budsjett	100,0 %	100,4 % 
	Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan	Alle har hatt tiltaksplan, ingen avvik	Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	100,0 %	100,0 % 
Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning	Her ligg vi over forventa nivå.	Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	82,0 %	86,9 % 	

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat
	Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.	Kvardagsrehabilitering og førebyggjande heimebesøk er gjennomført. Fokus på brukarmedvirkning. Velferdsteknologiprojektet	Satt i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjar eigen meistring 1=Ja 2=Nei	1	1
			Tilbod om førebyggjande samtaler med kvardagsrehabiliteringsteamet til alle som fyller 80 år 1=ja 2=nei	1	1
	Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.	Det er ingen fristbrot på meldingar eller undersøkingar.	Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	100,0 %	100,0 %
	Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.		Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,0 %	9,3 %
			Tidsbegrenset opphold - gjennomsnittlig antall døgn per opphold (antall)	18,9	23,0
	Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.				
	Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.		Antall liggedøgn utanfor fristen for fakturerbare liggedøgn	0	0

Øystre Slidre kommune - Årsmelding og årsrekneskap 2023

KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2022	Øystre Slidre 2023	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Institusjonslokaler nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr *) **)	3 262	3 014	1 579	1 336
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (234) Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer (B) *) **)	1 963	1 846	1 251	1 341
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (253) Helse- og omsorgstjenester i institusjon (B) *) **)	9 090	9 608	10 698	10 388
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (254) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende (B) *) **)	13 438	16 034	15 891	14 714
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	409 781	432 882	365 817	362 009
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	33 133	29 694	19 448	14 897
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) *) **)	26 974	29 661	26 592	26 111
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	40,3 %	38,9 %	39,3 %	35,7 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	12,2	10,7	13,5	14,0
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	31 360	48 782	53 427	63 462
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	568 512	612 381	334 786	356 890
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 452 404	1 447 639	1 531 371	1 635 847
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	5 323	5 055	5 232	5 274
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	4,0 %	2,6 %	2,9 %	2,3 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	5,1 %	4,2 %	4,2 %	3,9 %
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,1	9,1	8,4	7,9
Kvalitet				
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	97,0 %	98,3 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 119,0	942,0	908,0	1 008,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	23,3 %	25,6 %	30,1 %	34,1 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	3 478	4 044	3 388	3 238
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	3 602	3 585	4 262	4 138
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	327	126	370	483
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	4 547	4 881	4 663	4 700

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Pleie og omsorg - institusjon og heimetenester (under Prioritet og Produktivitet)

Kommunen har i 2023, som tidlegare år, forholdsvis høge utgifter per innbyggjar innan pleie og omsorg samla. Vi ser ein tendens til reduserte netto driftsutgifter innan institusjon, medan utgiftene til heimebuande har auka siste år. Vi ligg for dei fleste variablane over samanliknbare kommunar og landet. For heimebaserte tenester har driftsutgifter per mottakar auka og ligg også i 2023 langt over snittet. Vi viser til fleire kostra-tal under Prioritet for driftsutgifter per innbyggjar innan ulike tenester, og under Produktivitet; utgifter per beboerdøgn i institusjon, korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester og korrigerte brutto driftsutgifter per plass i institusjon (under Produktivitet).

Årsaker til auka og høge driftskostnader på området kan vera ei blanding av:

- God kvalitet i tenesta.
- Dreining av tenestetilbodet frå institusjonstenester til heimebaserte tenester i tråd med sentrale føringar og lokale planer.
- Den demografiske utviklinga vil medføre langt fleire eldre innbyggjarar. Resultata for 2023 viser at vi er på veg inn i den varsla eldrebølga, med resultat at fleire eldre må få tenester i eigen heim og medføra auka kostnader frå heimetenesta. Vi ser på området at mellom anna innbyggjarar over 80 år i 2023 i langt større grad blir ivareteken i eigen bustad, mot tidlegare tilbod i institusjon. Delen mottakar av institusjonsopphald over 80 år har gått ned frå 71,4 % i 2022 til 54,8% i 2023. Dette er ein betydeleg reduksjon som er venta å halde fram.
- Delen brukarretta årsverk innan omsorgstenesta med helsefagleg utdanning hadde også i 2023 ein positiv auke og er no kome opp i 86,9 %. Kommunen ligg godt over samanliknbare kommunar (78,1 %) og landet (77,5%). Auka kompetanse vil vera avgjerande for at kommunen kan møte dei utfordringar som ligg framfor oss innan sektoren, men føre til høgare lønskostnader på området.
- 2023 som 2022 har vore prega av vakansar og høgt sjukefråvær. Mangelen på helsepersonell er ei utfordring i heile landet. Vakansar og fråvær medføra auka bruk av overtid og innleie.
- Det er og nytta kjøp av tenester frå bemanningsbyrå i enkelte periodar i 2023 for å løyse utfordringar i forhold til vakante stillingar, ei løysing som er dyrare enn å lønne eigne tilsette. I tillegg er det eit stort omfang av bruk av overtid. Sommaren 2022 vedtok kommunen bonusavtale for å sikre drifta gjennom sommarferien denne har halde fram også i 2023.
- Tilrettelagt tenester har fått fleire tenestemottakarar med omfattande behov. Det har i 2023 vore naudsynt med kjøp av tenester utanfor eigen kommune.
- Delen personar med demens er aukande. Kommunen har i 2023 fått fleire brukarar med demens som krev tenester på eit høgt omsorgsnivå i tidleg alder. Fleire er avhengige av bustad med heildøgns pleie og omsorg. Dette kjem tydeleg til syne i Kostra-variabelen delen bebruarar i bustad med fast tilknytt personell der delen over 80 år er redusert frå 80% i 2022 til 61 % i 2023. Det er venta at dei yngre tenestemottakarane i bustaden vil ha behov for omfattande tenester av heimesjukepleia i åra framover. Prognoser viser at antal yngre personar med demens vil auke dei komande år.
- Drifts- og kapitalkostnader har auka mykje etter bygging av Helsetunet, og viser vesentleg høgare driftsutgifter til institusjonslokaler per innbyggjar enn snittet.
- Straumutgifter og enkelte driftsutgifter til gamle sjukeheimen også etter utflyttinga.
- Avlasting i institusjon har auka og avlasting utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlasting er ein vederlagsfri teneste.
- Tal bruker-retta timer i psykisk helse kjem ikkje fram i kommunal rapportering, då det ikkje blir fatta vedtak eller registrert timeforbruk i fagsystemet. Dette medfører at kommunen har 4 årsverk som ikkje produserer "bruker-retta arbeid".

Kommnehelse / anna førebyggjande helsearbeid (under Kvalitet, Kommunekassa og Dekningsgrad)

Tiltak i form av ekstra legeressurs på legekantoret har hatt effekt i forhold til at listelengda for legar i kommunen er vorte kortare i 2023 enn dei føregåande åra. Liste-lengda er no lågare enn snittet i landet, men framleis litt over samanliknbare kommunar. Dette er eit viktig rekrutteringstiltak i forhold til å sikre god legedekning i kommunen

Netto driftsutgifter pr innbyggjar (kommunekassa) er auka i 2023 og kommunen ligg no over både samanliknbare kommunar og landet. Bakgrunnen for dei auka utgiftene er behov for innleige av lege via vikarbyrå og auka behov for helsepersonell til helse-kartlegging og oppfølging av

flyktningar. Lønnskostnader til sjukepleier med ansvar for koordinering av helse-kartleggingane er finansiert av auka integreringstilskot.

Delen fysioterapeutar (under Dekningsgrad) er stabil god og over snitt i både samanliknbare kommunar og resten av landet. Helsestasjon og jordmortenesta har gode resultat også i 2023 i forhold til å følge opp nyfødde og born og unge med kontroller.

Kommunale bustader (under Prioritet)

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader pr innbyggjar har auka frå 2022 – 2023 og kommunen sine kostnader er høgare enn kostnadsgruppe 4 og og landet utanom Oslo. Kommunen har i 2023 som i 2022 teke i mot mange flyktningar og har som følgje av dette hatt auka utgifter til husleige, tomgangsleige, straum, nett og andre kommunale avgifter.

Kommunen har gått til innkjøp av to nye bustader i 2023. Deler av kostnaden er finansiert i form av tilskot frå Husbanken.

Dei auka kostnadane knytt til flyktningbustader er kompensert frå staten ved auka integreringstilskot.

Netto driftsutgifter (Andre nøkkeltal) for kommunale disponerte bustader er i motsetning til brutto utgifter nesten halvert i 2023.

Kommunale bustader (under Produktivitet)

Kommunen har klart å redusere sine lønnskostnader pr kommunal bustad i 2023, men ligg framleis høgt på dette området. I 2023 har kommunen i stor grad måtte leige privatbustader for framleige for å kunne ta i mot flyktningar i tråd med politisk vedtak. Framleigebustadane krev tett oppfølging av medarbeidarar i forkant av innleige og undervegs i leigeforholdet. Det høge lønsforbruket for kommunale bustader dekkjer også dette arbeidet.

Ein auka del innbyggjarar mottok bustøtte i 2023. Dessverre ligg kommunen lågt i forhold til tildeling av startlånemidlar, noko som bidreg til at leigetakarane bur lenge i kommunale bustader og kommunen får eit auka behov for nye bustader for busetting. Denne faktoren, saman med ein stadig aldrande befolkning som ynskjer og treng meir tilrettelagt bustad, ser vi i kostra-funksjonar som syner at delen kommunale bustader pr innbyggjar i Øystre er høgare enn både samanliknbare kommunar og landet, og at delen som søkte kommunal bustad pr 1000 innbyggjar er meir enn dobla sidan 2022 og ligg no på eit nivå godt over kostragruppa og landet.

Sosialhjelp (under Produktivitet og Kommunekasse)

Økonomisk sosialhjelp gjekk i 2022 ned, men har igjen auka vesentleg i 2023. Dette gjeld både i forhold til utgifter per mottakar (under Produktivitet) og del utgifter til økonomisk sosialhjelp. Til tross for auken, ligg kommunen under både samanliknbare kommunar og landet.

Dei auka kostnadane er eit resultat av at delen sosialhjelpsmottakarar har auka frå 2,9 % til 4 % av innbyggjarane. Dette er over landsgjennomsnittet. Vi ser at delen sosialhjelpsmottakarar i yrkesaktiv alder dvs 18 – 66 er aukande og no ligg over både samanliknbare kommunar og landet. Vi ser ein særleg auke i sosialhjelpsmottakarar med introstønad der ekstra mottak av flyktningar er ein hovudfaktor. Delen personar med kollektiv beskyttelse som ikkje deltek i arbeidsliv eller kvalifiserer til introduksjonsprogram er auka. Faktorar som bidreg til auka sosialstønad er krigen i Ukraina og framleis høge bu- og levekostnadar som lånerente, drivstoff, mat og husleigeprisar. Utgiftsauken frå 2022 til

2023 er i all hovudsak knytt til flyktningar frå Ukraina. Dei auka utgiftene er dekt inn av auka integreringstilskot frå staten.

Barnevern (under Prioritet og Dekningsgrad)

Utgiftene til barnevernstenesta har dei seinare år vore høge for kommunen. I 2023 ser vi nedgang i utgift per innbyggjar (under Prioritet), men auka netto driftsutgifter pr barn med tiltak (under Prioritet), og begge indikatorane ligg vesentleg over kostragruppa og landet.

Delen barn med tiltak og undersøkingar (under Dekningsgrad) viser nedgang og ligg no under/på kostragruppa, men over landet. Tal saker pr saksbehandlar (under Produktivitet) har vist nedgang både i 2022 og 2023, slik at produktiviteten ligg under snittet i Kostra-gruppa og landet.

Tiltak på området har vore auka bruk av konsulentar og ekstern bistand for å sikre at medarbeidarane har kunna stått i jobb etter fleire år med stor arbeidsmengd og fleire avvik.

Frå årsmeldinga for det interkommunale samarbeidet for barnevern (med Nord Aurdal som vertskommune) les vi bl.a. at det for Øystre Slidre kommune har vore nye tiltak i 2023, både i og utanfor familien (institusjonsplass), noko som har medført meirforbruk. For tenesta felles har det dei siste åra vore fleire krevjande utfordringar. Situasjonen har vore teke på alvor, og kommunane har saman styrka tenesta med nye årsverk dei siste åra, arbeid med styringssystem og rutinar og utviklings- og endringsarbeid. Interkommunal barneverntjeneste i Valdres har i stor grad nådd måla sine, og den har ingen fristbrot i 2023.

Tekniske tenester

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
400-Felles tekniske tenester	497	0	84	84	100,0 %
420-Teknisk drift	39 320	38 999	41 686	2 687	6,4 %
450-Næring plan og byggesak	9 997	9 888	12 272	2 384	19,4 %
Sum	49 815	48 887	54 042	5 155	9,5 %

Kommentar til status økonomi

Regnskapet for tekniske tenester samla viser eit mindreforbruk på 5.155`:

Teknisk drift (mindreforbruk 2.687`):

Mindreforbruk på:

- Straum kommunale bygg (4.939` for generaløkonomi, 9.231` samla). Mindreforbruket kjem som følgje av lågare straumprisar enn det som låg til grunn i budsjettet. Straumforbruket auka ein god del, frå eit snitt på 5.88 millioner kwh (2020-2022) til 6.59 mill. kwh i 2023. Auken kjem i hovudsak frå dei «nye» bygga.
- Husleigeinntekter næringslokaler (908`). Inntektene er auka i 2023 etter at kommunen overtok Løken og leiger ut til Nasjonalt senter for fjellandbruk m.fl. Kommunen har også hatt auka utgifter til straum, lønn, vedlikehald, reinhald mv. som følgje av auka bygningsmasse på Løken, slik at dette området samla viser netto null for kommunen.

Meirforbruk på:

- Vintervedlikehald (2.534`), grunna store snømengder vinteren 2022 / 2023. Etter innsparingar andre stader i budsjettet enda kommunale vegar med eit netto meirforbruk på 2.172`.
- Ekstra kostnader knytt til ombygging av Vindevegen 6 frå barnehage til avlastningsbustad og e-sportsenter (1.034`).
- Det har også vore meirutgifter på vedlikehald knytt til drift av utleigebustader. Dette som følgje av auka bygningsmasse for å busetja flyktningar, og meirutgiftene er finansiert av ved bruk av flyktningefond/-inntekter.

Næring, plan og byggesak (mindreforbruk 2.384`):

Mindreforbruket kan i hovudsak forklarast med:

- Mindreforbruk lønn (ca. 700`), blant anna på landbruk (ca. 400`) og adm., som følgje av vakanse, sjukefråvær og permisjonar.
- Mindre utgifter på prosjekt, der dei viktigaste er på Flya folkehøgskule (300`), Styrking av beitebruken ved Hedalsstølane (250`), Klima + (ca 400`), «Næringsstøtte formannskapet» (380`).

I tillegg mindre summar på enkelte andre prosjekt. Vi viser til kommentarar i vedlegg for bruk av eigedomsskatt.

- Det var også mindreforbruk på unytta generell løyving (300`).

Budsjettavvika over er for “generaløkonomien”, utanom sjølvkostområda.

Ein svært stor del av aktiviteten på tekniske tenester og næring, plan og byggesak er sjølvkostområde som er saldert i null mot bundne fond. Viser til omtale av sjølvkostområda nedanfor.

Sjølvkostområder:

Tekniske tenester består av ein stor del sjølvkostområde, der kommunen har vedteke at tenestene skal vera fullfinansiert ved gebyr. Meir-/mindreforbruk det enkelte år blir saldert mot bundne fond, og viser ikkje på botnlinja i kommunerekneskapen.

Samla har det vore 3.463` i underskot på tenestene i 2023, som er finansiert med bruk av sjølvkostfond. Det er ca. 798` betre enn budsjettet. Ein vesentleg årsak til mindre underskot var at straumutgiftene vart betydeleg lågare enn budsjettet for VA.

Sjølvkostfonda er kraftig redusert (med 2.496`), til samla kr 2.581`. På bygge-/delesak og private planer er fondet no negativt med 789`, dvs. at sjølvkostområdet «låner» av «generaløkonomien». I vedlegg følgjer oversikt over dei aktuelle sjølvkostområda.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.	Sjukefråværet for gruppa “Andre” (utanom HO og OK) var i 2023 på 8,8%, mot 9,9% i 2022. Vi viser til nærare omtale under sentralt kapittel.				
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.		Innanfor budsjett	100,0 %	90,5 %	✓
	Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.febr. kvart år.		Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar	100	100	✓
Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.			Antal tilsyn spreidd avløp	10	40	✓

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	
	Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.		Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid	0	40	!
	Tekniske tenester: Vi skal knytte til kommunal VA-leidning eksisterande bygg som ikkje er knytt til kommunalt VA-anlegg		Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til kommunalt VA-anlegg.	80	5	!
	Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.		E.coli: Andel prøver ved kommunale vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	100,0 %	98,0 %	!
			Farge: Andel prøver ved kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	100,0 %	100,0 %	✓
			Intestinale enterokokker: Andel prøver ved komm.vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	100,0 %	100,0 %	✓
			PH: Andel prøver ved kommunale vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	100,0 %	100,0 %	✓
Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.	Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.		Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året	2	4	✓
	Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.		Sti- og løypeplan er vedteke, ja=1, nei=2	1	1	✓
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.		Klima+ prosjekt er gjennomført, ja=1, nei=2	1	1	✓
	Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruket på Løken gard.		Det er etablert nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard - ja=1, nei=2	1	1	✓

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	
	Tekniske tenester: Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.		Arealdelen av kommunedelplanen er revidert - ja=, nei=2	1	2	⊖
	Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal.		Kommunen har kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2	1	1	✓

KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2022	Øystre Slidre 2023	Kostra-gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	30,4	33,4	20,6	17,0
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	2 733	3 093	1 911	2 101
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr) *	145 255	239 724	152 990	213 925
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,1 %	1,5 %	0,9 %	0,5 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	2 954	2 110	1 124	537
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) *	8 967	9 264	2 114	1 149
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbygger tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) (B) *	7 455	6 530	2 567	1 311
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) *	306	175	183	163
Herav energikostnader til administrasjonslokaler per kvadratmeter, administrasjonslokaler, konsern *)	342	145	219	173
Herav energikostnader til institusjonslokaler per kvadratmeter, konsern *)	264	158	227	203
Herav energikostnader til skolelokaler per kvadratmeter, konsern *)	344	208	187	153
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *	6 362	7 365	6 329	5 264
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr) *	4 397	5 341	5 545	4 809
Dekningsgrad				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (B)	53,2 %	53,1 %	57,3 %	85,3 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning (B)	21,0 %	21,0 %	58,1 %	83,4 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	60,5 %	60,4 %		86,7 %
Vann - Andel av husholdningsabonentene som har installert vannmåler	95,0 %	85,0 %		44,5 %
Kvalitet				
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	37	57	15	22
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *	606	596	689	589
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *	17 138	17 300	14 908	17 196
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	1 121	65	374	185

Øystre Slidre kommune – Årsmelding og årsrekneskap 2023

Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	129	136	133	139
Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B) (Kommunekasse) *) **)	508	537	108	220
Netto utgift per kvm, administrasjonslokaler (Kommunekasse)	922	502	873	1 172
Netto utgift per kvm, institusjonslokaler (Kommunekasse)	1 269	1 203	1 156	1 373
Netto utgift per kvm, skolelokaler (Kommunekasse)	1 316	1 245	1 258	1 344

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Utrykningar til brannar og anna (under Prioritet)

Her ligg vi høgare enn kontragrupper 4 og landet utanom Oslo, og talet har også auka litt i 2023. Det er Valdres brann- og redningsteneste IKS som har ansvaret for denne tenesta på vegne av kommunen og fire andre Valdres-kommunar. Selskapet skriv at det var stor auke i naturhendingar i 2023, som skogbrannar og hendingar knytt til uværet "Hans". Vi viser til årsmeldinga til selskapet under www.valdresbrannvesen.no.

Årsgebyr for feiing (under Kvalitet)

Årsgebyr for feiing ligg litt lågare enn kostragruppa, men litt høgare enn landet (utan Oslo).

Vatn og avløp (under Prioritet, Produktivitet og Dekningsgrad)

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Det tek noko tid før alle er tilkopa seg til nye anlegg. Dette er faktorar som bidreg til relativt høge driftsutgifter per innbyggjar og per tilknytta innbyggjar i forhold til kostragruppe 4 og landet (utan Oslo).

Gebyrnivået for avløp er høgare enn kostragruppe 4 og landet (utan Oslo), medan gebyrnivået for vatn er om lag på snittet.

Del av befolkninga som er knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo), og ligg også under kostragruppa. Vi har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg.

Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

Kommunale bustader (under Prioritet)

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar har auka frå 2022 til 2023. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4 og også høgare enn landet (utan Oslo). Kommunen har ein stor del eldre bustader, noko som bidreg til høgare utgifter. Kommunen har også teke imot og busett flyktningar både i 2022 og 2023, noko som bidreg til vesentleg høgare kostnad for kommunale bustader per innbyggjar. Dei auka kostnadene knytt til flyktningebustader er kompensert frå staten ved auka integrerings-tilskot.

Kommunal veg (under Prioritet)

Driftsutgiftene til kommunale vegar i 2023 ligg godt over kostragruppe 4 og landet (utan Oslo). Frå 2022 har driftsutgiftene til veg gått frå 145.255 til eit nivå på rundt 239.724 kr per kilometer veg i 2023. I 2023 var det veldig høge utgifter til vintervedlikehald av kommunale vegar på grunn av store mengder snø. Det resulterte i høgare utgifter enn tilsvarende kostragrupper.

Kommunen har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald på vegane både sommar og vinter. Vi har truleg betre vedlikehald enn mange kommunar i kostragruppe 4.

Kommunale bygg (under Kommunekasse), m.a. energikostnader (under Produktivitet)

Administrasjonslokaler: I kostra-rapporteringa for 2023 vart arealet på administrasjonslokale innrapportert feil (for høgt). Kostra-rapporteringa blir retta, men indikatoren blir ikkje oppdatert før SSB si oppdatering seint våren 2024. Vi har normalt hatt utgifter per m2 administrasjonslokaler som ligg mellom kostragruppa og landet.

Institusjonslokaler: Netto utgifter per m2 institusjonslokaler viser reduksjon på om lag 5% frå året før, og ligg rett over kostragruppa, men under landet (utan Oslo). Kommunen har forholdsvis nye institusjonslokale i helsetunet, avskrivningar på bygget er høge og bidreg til kostnader over snittet. Vi har også ein gammal sjukeheim som det har vore ført noko tilsyn med, og noko oppvarming i deler av bygningen. Gammal sjukeheim er klassifisert som institusjonslokale fram til det ev.blir søkt om bruksendring. Energikostnadene for 2023 er lågare enn kostragruppa og landet, av denne årsak, då arealet der er stort, medan vi held oppvarminga på eit minimum.

Skulelokaler: Netto utgifter per m2 skulelokale viser nedgang, og ligg no under både kostragruppa og landet (utan Oslo). Kommunen har tre skuler, noko som medfører høge driftsutgifter per innbyggjar, og også per m2, fordi det då er behov for meir ettersyn/bemannning, fleire fyrings-, ventilasjons- og brannanlegg mv. ØSUS har basseng som krev mykje energi å varme opp. Viktigaste årsak til nedgang i 2023 er at energikostnadene har gått ned.

Sakshandsamingstid (under Kvalitet)

På dette området ligg kommunen høgare enn snittet av andre kommunar. Hovudårsaka til høgare sakshandsamingstid i 2023 er at det har vore redusert bemanning.

Byggesaksgebyr for oppføring av einebustad (under Grunnlagsdata)

Byggesaksgebyret for einebustadar har auka frå 2022 til 2023. Vi ligg no godt over gjennomsnittet på kostragruppa, og litt over gjennomsnittet på landet utanom Oslo.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet (under Prioritet og Kommunekasse)

Kommunen nyttar ein betydeleg sum på støtte og bistand for næringslivet. Vi ligg vesentleg høgare enn kostragruppa og landet når vi ser på brutto driftsutgifter i prosent av totale utgifter (1,5% mot hhv. 0,9% og 0,5%), og beløp per innbyggjar (2.110,-, mot hhv. 1.124 og 537) (under Prioritet).

Vi har også hatt med nøkkeltalet netto driftsutgifter per innbygger (under Kommunekasse). Dette nøkkeltalet kan svinge veldig frå år til år, når det er sentrale tilskotsordningar og bruk og avsetning av bundne fond involvert, slik det har vore dei siste tre åra grunna koronaen. Bruk og avsetning mot fond er ikkje med i nøkkeltalet, og det inneber at utgifta kan vera med, men ikkje inntekta, eller omvendt.

Kostra-indikatoren for eit enkeltår kan såleis gje eit litt rart bilete. Talet for 2023 ligg ein god del lågare enn snittet for landet og kostragruppa. Ein stor del av den planlagte bruken vart forsinka /uaktuell i 2023. Vi viser til omtale under tekniske tenester, og oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg. Fjorårstalet var veldig høgt, vesentleg høgare enn kostragruppa og landet.

Netto driftsutgifter landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (under Kommunekasse)

Bruken har gått noko opp frå 2022, og vi er framleis over snittet i kostragruppe 04 og for landet utanom Oslo er vi litt under snittet. Det blir nytta mykje midlar på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i byggesaker for driftsbygg.

Netto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv (under Kommunekasse)

På dette området har vi nytta noko meir midlar enn året før, og baa åra meir enn snittet i kostragruppa og landet utanom Oslo. Under denne funksjonen er det bl.a. ført tilskot til løyper og stiar.

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Rammetilskot		-113 900	-118 161	-119 001	-121 273
Inntekt- og formuesskatt		-118 728	-115 567	-115 567	-119 595
Eigedomsskatt		-24 114	-25 550	-25 550	-24 961
Andre generelle driftsinntekter		-8 076	-8 159	-8 159	-6 270
Sum generelle driftsinntekter		-264 818	-267 437	-268 277	-272 098
Korrigert sum løyvingar drift, netto		226 685	250 883	251 606	245 307
Avskrivningar	4	27 482	27 400	27 400	28 811
Sum netto driftsutgifter		254 168	278 283	279 006	274 118
Brutto driftsresultat		-10 650	10 846	10 729	2 020
Renteinntekter		-5 701	-3 540	-3 540	-7 955
Utbytte		-2 853	-3 525	-3 525	-5 364
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		0	0	0	0
Renteutgifter		10 271	19 964	19 964	18 955
Avdrag på lån	8	18 301	19 700	19 700	19 700
Netto finansutgifter		20 018	32 599	32 599	25 337
Motpost avskrivningar		-27 482	-27 400	-27 400	-28 811
Netto driftsresultat		-18 115	16 045	15 928	-1 455
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		6 600	2 735	1 431	1 431
Avsettingar til bundne driftsfond	11,12	7 618	4 787	4 787	7 168
Bruk av bundne driftsfond	11,12	-16 506	-8 500	-8 500	-9 820
Avsettingar til disposisjonsfond		20 403	11 889	12 272	22 510
Bruk av disposisjonsfond		0	-26 955	-25 917	-19 834
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		18 115	-16 045	-15 928	1 455
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Politisk leing og kontrollorgan		2 846	3 041	3 028	2 943
Kommunedirektør felles		1 691	5 998	3 582	2 973
Stab		15 834	17 942	18 326	16 236
Felles opplæring og kultur		7 575	7 520	7 888	8 574
ØSUS		10 930	12 787	13 350	13 003
Rogne skule		15 280	16 592	17 476	20 342
Lidar skule		13 013	14 306	15 138	15 188
Rogne barnehage		11 085	12 903	14 152	14 085
Beito barnehage		5 959	6 657	7 584	8 008
Private barnehagar		5 436	5 988	5 988	6 248
Kulturavdelinga		9 397	9 690	9 962	9 967
Flyktingtenesta		-676	-6 000	-47	0
Felles helse og omsorg		23 429	25 031	23 186	20 561
Helse og tilrettelagde tenester		28 399	33 196	37 285	38 886
Førebygging og meistring		32 520	35 519	36 881	37 440
Institusjonstenester		32 699	32 646	33 745	34 718
IIB Tilrettelagte tenester		195	0	0	0
Felles tekniske tenester		497	84	84	0
Teknisk drift		39 320	41 003	41 686	38 999
Næring plan og byggesak		9 997	12 289	12 272	9 888
Kraftforvaltning		-25 238	-8 450	-8 450	-11 610
Ramme og skatt		4	0	0	0
Renter og avdrag		1	0	0	0
Pensjon mv. felles		-8 494	-14 731	-22 380	-23 140
Sum løyvingar drift, netto		231 702	264 011	270 734	263 309
Av dette:					
Netto renteutgifter og -inntekter		-97	-150	-150	-60
Avsetninger til bundne driftsfond		3 146	-260	-260	2 715
Bruk av bundne driftsfond		-783	11 035	11 035	8 015
Avsetninger til disposisjonsfond		2 751	2 504	8 504	8 172
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	-841
Korrigert sum løyvingar drift, netto		226 685	250 883	251 606	245 307

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Rammetilskot		-113 900	-118 161	-119 001	-121 273
Skatt på inntekt og formue		-118 728	-115 567	-115 567	-119 595
Eigedomsskatt		-24 114	-25 550	-25 550	-24 961
Andre skatteinntekter		-5 421	-7 137	-7 137	-5 355
Andre overføringer og tilskot frå staten		-17 125	-24 293	-24 211	-40 165
Overføringer og tilskot frå andre		-37 067	-26 225	-26 357	-39 411
Brukarbetalingar		-11 243	-10 694	-11 524	-11 797
Sals- og leigeinntekter		-107 906	-108 967	-108 137	-92 656
Sum driftsinntekter		-435 505	-436 594	-437 484	-455 211
Utgifter til løn	13	182 411	199 384	199 770	206 790
Sosiale utgifter	9	32 494	34 204	34 204	33 539
Kjøp av varer og tenester		131 950	129 709	130 953	157 460
Overføringar og tilskot til andre		50 517	56 742	55 885	30 631
Avskrivningar	4	27 482	27 400	27 400	28 811
Sum driftsutgifter		424 855	447 439	448 212	457 231
Brutto driftsresultat		-10 650	10 846	10 729	2 020
Renteinntekter		-5 701	-3 540	-3 540	-7 955
Utbytte		-2 853	-3 525	-3 525	-5 364
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
Renteutgifter		10 271	19 964	19 964	18 955
Avdrag på lån	8	18 301	19 700	19 700	19 700
Netto finansutgifter		20 018	32 599	32 599	25 337
Motpost avskrivningar		-27 482	-27 400	-27 400	-28 811
Netto driftsresultat		-18 115	16 045	15 928	-1 455
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		6 600	2 735	1 431	1 431
Avsettingar til bundne driftsfond	11,12	7 618	4 787	4 787	7 168
Bruk av bundne driftsfond	11,12	-16 506	-8 500	-8 500	-9 820
Avsettingar til disposisjonsfond		20 403	11 889	12 272	22 510
Bruk av disposisjonsfond		0	-26 955	-25 917	-19 834
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		18 115	-16 045	-15 928	1 455
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - drift

alle tal i 1.000 kr

Oversikt over budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar drift (§ 5-9)	2022	2023
Netto driftsresultat (+ er positivt)	18 115	1 455
Avsetjing til bundne driftsfond	-7 618	-7 168
Bruk av bundne driftsfond	16 506	9 820
Overføring til investering iht.budsjett	-6 600	-1 431
Avsetjing til disposisjonsfond iht.budsjett	-20 014	-12 272
Bruk av disposisjonsfond iht.budsjett	22 092	25 917
Årets budsjettavvik (mindreforbruk før strykningar)	22 481	16 321
